



Meland kommune

Budsjett 2017

Rådmannen sine kommentarar til budsjettet for 2017



Vedlegg:

1. Økonomiske oversikter

- Driftsregnskap
- Investeringsregnskap
- Anskaffing og bruk av midlar
- Budsjettskjema 1 A - Drift
- Budsjettskjema 2 A – Investering
- Budsjettskjema 1 B – Drift
- Budsjettskjema 2 B – Investering

Innhald:

1.	Innleiing	4
2.	Utvikling i folketal	5
3.	Demografi og kommuneøkonomi	6
4.	Investeringsnivå og lånekapasitet	9
5.	Framlegg til statsbudsjettet for 2017 – Kommuneoppdraget Hovudpunkt og kommentarar til effekt for Meland kommune	11
5.1.	Hovudpunkt i kommuneoppdraget i statsbudsjettet for 2017	11
5.2.	Veksttilskot	12
5.3.	Kommunalt vedlikehaldstilskot Sør- og Vestlandet i 2017	12
5.4.	Realvekst i dei frie inntektene til kommunane i 2017	13
5.5.	Andre satsingsområde / endringar for kommunane i statsbudsjettet:	13
5.6.	Nytt inntektssystem for kommunane	15
5.7.	Inntektsutjamninga	15
5.8.	Skjønstilskot	15
5.9.	Kommunereform	16
6.	Oppsummering av budsjettframlegget for 2017	17
6.1.	Generelle kommentarar	17
6.2.	Budsjettframlegg for 2017 fordelt per tenesteområde	17
7.	Kommentar til netto finanspostar, skatt og rammetilskot:	20
7.1.	Skatt og rammetilskot	20
7.2.	Andre finanspostar inkl. eige-domsskatt	23
7.3.	Skatteføre eige-domsskatt	23
7.4.	Renter og avdrag	23
8.	Kommentarar frå administrative einingar	24
8.1.	Stab/Rådmannskontor	24
8.2.	Økonomikontor	24
8.3.	IKT	25
8.4.	Interkommunalt Brannvern	25
8.5.	Rådgjevarstaben ekskl. private barnehagar	25
8.6.	Private barnehagar	25
8.7.	Kommunal Barnehagedrift	28
9.	Skulesektoren	28
9.1.	Elevtalsutvikling og utvikling i talet på klassar i økonomiplanperioden	28
9.2.	Felles ressursfordelingsmodell for grunnskulen i Meland	30
9.3.	Grasdalen skule	30
9.4.	Meland Ungdomsskule	31
9.5.	Rossland skule	32
9.6.	Sagstad skule	32
9.7.	Vestbygd skule	33
10.	Helse, NAV, Barnevern, Sjukeheimen og Heimetenesta	34
10.1.	Helse	34
10.2.	NAV / Sosiale tenester	35
10.3.	Barnevern	36
10.4.	Meland sjukeheim	36

10.5.	Heimetenesta	37
11.	Kultur	38
12.	Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)	40
12.1.	Oversikt.....	40
12.2.	Utfordringar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk	40
12.3.	Rapportering.....	41
13.	Gebyr, avgifter og betalingsattsar.....	43
14.	Investeringsbudsjett 2017 og kapitalrekneskapen for 2017	44
14.1.	Ordinære investeringar og andre kapitalutgifter	44
	IKT	45
	Teknisk	45
	Kyrkja.....	46
	Skular og barnehage	46
	Helse, sosial og omsorg	48
	Kultur/næring.....	48
	Andre bygg	48
14.2.	Investeringar i Vatn og avlaup	49
	Vatn	49
	Avlaup	50
14.3.	Sum investeringar og finansiering	51
15.	ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK	53

1. Innleiing

Rådmann legg med dette fram eit saldert budsjett for 2017. Vi får ein relativt stor inntektsnedgang i 2017 samanlikna med 2016. Dette grunna endringar i utgiftsutjamninga og redusert veksttilskot. Veksttilskotet vert rekna på grunnlag av gjennomsnitteleg folkevekst dei siste 3 åra. Når 2012 som var eit år med høg folkevekst vert erstatta med 2015, eit år med låg folkevekst, går gjennomsnittleg folkevekst ned. Dette gir seg utslag i reduksjon på 4,5 mill. frå 2016 til 2015.

Endring i kriteria i utgiftsutjamninga (kriteriedata og vekting) gjer at vi får 8,5 mill. mindre i utgiftsutjamning i 2017 enn vi fekk i 2016. Sjølv om vi får noko igjen gjennom ordninga som skal sikre at ein kommune ikkje taper meir enn kr 300,- pr innbyggjar frå eit år til eit anna (INGAR), så hjelper det lite. 2017-budsjettet er stramt og vi klarer ikkje å halde oppe aktiviteten frå 2016.

I budsjettet for 2017 har vi prøvd å skjerme barn og unge. Med god hjelp frå føringar i statsbudsjettet og øyremerka midlar har vi vidareført satsing på tidleg innsats i skulen. Vi har vidareført styrka helsesøsterfunksjon. Vi har oppretta mellombels prosjektstilling for eigen fysioterapeut som skal jobbe ut mot skulane. Vi jobbar i desse dagar med å få på plass ny barne og ungdomskoordinator i 70 % stilling lagt til kultur. Vi har funne rom for ei ny stilling som spesialpedagog i PPT og kjem til å opprette stilling som kommunepsykolog. Dette er viktige ressursar i det systemretta arbeid inn mot ulike målgrupper.

Satsinga på barn og unge er ei bevisst prioritering. For å få dette til måtte vi redusere pleie og omsorg sine rammer, samt at alle måtte bidra med flate kutt. Det er ikkje til å unngå at dette vil merkast.

Budsjettet for 2017 viser med tydelig at vi må tenkje nytt når vi planlegg drifta framover. Det er mykje snakk om innovasjon og behovet for innovasjon i offentleg sektor. Innovasjon inneber å finne fram til ei ny og betre løysing. Spørsmålet er for kven? Brukaren må stå i sentrum for det mentale fokus. Vi må ta oss tid til å analysere behov, framfor å automatisk hoppe på velkjende løysingar. Tradisjonelt har vi alt for stort fokus på kjende løysingar og brukar for lita tid på å analysere behovet og kva alternativ vi har. Ofte er det dei velkjende løysingane vi vert målt på. Både brukarar og pårørande har forventningar til gitte tenester. Då er det trygt å ty til velprøvd medisin. Men meir av det same er diverre ikkje alltid løysinga.

Offentleg sektor står ovanfor store utfordringar når det gjeld å finansiere dagens aktivitet. Både kommunar og statlege etatar må i framtida vere budd på å yte meir tenester for mindre pengar. Det er alt i dag ubalanse mellom staten sine inntekter og utgifter, og denne er raskt aukande. Dette betyr noko også for kva vi kan bruke på kommunal sektor framover. Det held ikkje å gjere det same som vi gjer no, på same måte. Vi må tenkje alternativt, og om mogeleg prioritere endå strengare mellom oppgåver. Vi må leite etter nye løysingar. Digitalisering er eit stikkord. Velferdsteknologi er eit anna. Utfordringa er å ta i bruk nye løysingar samtidig som vi avlærer gamle måtar å løyse oppgåver på.

Ingvild Hjelmtveit
Rådmann

2. Utvikling i folketal

Frå 1. januar 2015 til 1. januar 2016 auka folketallet i Meland kommune med 76 personar eller 1,0%. Kommunen hadde per 1. jan. 2016 7 812 innbyggjarar, og vi reknar med å ha 8 038 innb. per 1. jan. 2017. Dette er ein betydeleg lågare vekst enn i åra frå 2011 – 2015, kor gjennomsnittleg vekst var 2,9%. Kommunen har likevel den femte høgaste veksten i denne perioden av alle kommunar i Norge.

I budsjettframlegget for 2017 er det lagt til grunn at vi i 2016 (til 1. januar 2017) skal ha ein vekst på 2,9% i tråd med middelalternativet i oppdatert folketalsprognose frå SSB frå juni 2016. Veksten i 1. halvår 2016 isolert var på 1,7%, og dermed meiner vi at det er realistisk med ein vekst på 2,9% totalt for året 2016.

Folketalsutvikling Meland kommune 2011 - 2017

Faktiske tal til og med 01.07.2016, prognose for 01.01.2017

Alle	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
01.01. i året	6 824	7 036	7 347	7 544	7 736	7 812	8 038
Endring frå året	193	212	311	197	192	76	226
Endr. i frå året	2,9 %	3,1 %	4,4 %	2,7 %	2,5 %	1,0 %	2,9 %
01.07 i året	6 927	7 220	7 477	7 667	7 789	7 944	
Endring frå året	252	293	257	190	122	155	
Endr. i frå året	3,8 %	4,2 %	3,6 %	2,5 %	1,6 %	2,0 %	

Folketal 01.07 fordelt på aldersgrupper:						
0-5 år	647	693	743	757	751	760
6-15 år	1 052	1 065	1 076	1 120	1 156	1 159
16-22 år	669	693	733	725	717	732
23-66 år	3 908	4 086	4 197	4 278	4 350	4 415
67-89 år	608	637	684	739	767	828
90 år +	43	46	44	48	48	50
Endring folketall 01.07 fordelt på aldersgrupper:						
0-5 år	40	46	50	14	-6	9
6-15 år	25	13	11	44	36	3
16-22 år	8	24	40	-8	-8	15
23-66 år	150	178	111	81	72	65
67-89 år	27	29	47	55	28	61
90 år +	2	3	-2	4	-	2
Endring folketall 01.07 fordelt på aldersgrupper:						
0-5 år	6,6 %	7,1 %	7,2 %	1,9 %	-0,8 %	1,2 %
6-15 år	2,4 %	1,2 %	1,0 %	4,1 %	3,2 %	0,3 %
16-22 år	1,2 %	3,6 %	5,8 %	-1,1 %	-1,1 %	2,1 %
23-66 år	4,0 %	4,6 %	2,7 %	1,9 %	1,7 %	1,5 %
67-89 år	4,6 %	4,8 %	7,4 %	8,0 %	3,8 %	8,0 %
90 år +	4,9 %	7,0 %	-4,3 %	9,1 %	0,0 %	4,2 %

Tabellen over viser folketalsveksten dei 6 siste åra og demografisk fordeling av denne veksten. Vi bruker folketal per 1. juli fordi det er desse tala som vert lagt til grunn i berekning av utgiftsutjamninga, og dei har dermed direkte innverknad på kommunen sine inntekter.

Veksten i folketal i førskulealder (0-5 år) var svært stor til og med 2013, men er redusert etter det, og viser ein liten auke på 1,2% i 2016. Veksten i barn i skulealder var høg i 2014 og 2015, men i 2016 (frå 1. juli 2015 til 1. juli 2016) er den berre på 0,3%. Prosentvis er det veksten i aldersgruppa over 67 år som har vore størst dei siste åra, med vekst i 2016 på 8%.

Veksttala seier noko om behovet for vekst i tenestetilbodet innanfor dei ulike områda i den kommunale drifta. Mellom anna ser vi at behovet for auke i barnehageplassar dei 2 siste åra har vore lågare enn kva som var tilfelle fram til 2013. i 2016 har vi og låg vekst i talet på barn i skulealder, og det kan redusere behovet for auke i talet på skuleklassar om den trenden held fram. I økonomiplan for 2017-2020 legg vi til grunn ein vekst i barn i skulealder på i underkant av 4% årleg framover.

Generelt er det slik at den økonomiske utviklinga i Meland kommune dei siste åra har vore prega av utfordringane med å følgje opp folkeveksten med tilsvarende auke i tenestetilbod, og vi trur det vert tilfelle i 2017 og.

3. Demografi og kommuneøkonomi

Telemarksforsking har på oppdrag frå kommunen laga ein kort rapport for å berekne dei økonomiske konsekvensane av den forventta folketalsveksten i Meland kommune. Konklusjonane er oppsummert nedanfor.

Teknisk berekningsutval (TBU) for kommunal økonomi estimerer demografikostnaden i 2017 til kr 2,5 mrd. Meirutgiftene er i hovudsak knytt til barn og unge i grunnskulealder og til dei eldre aldersgruppene. Utvalet har og oppdatert anslaget for 2016 basert på endelege befolkningstal per 1.1.2016. Anslaget for 2016 er no 1,7 mrd. kr. Berekningane er basert på uendra standard, dekningsgrad og effektivitet i tenesteytinga, og er eit uttrykk for kva det vil koste å byggje ut tenestetilbodet for å halde tritt med befolkningsutviklinga.

Telemarksforsking (TF) har berekna kor store meir-/mindreutgifter Meland kommune kan få som følge av befolkningsutviklinga. Dei har basert seg på same satsar og metodikk som vert brukt av TBU i «makroberekningane» til bruk i kommuneopplegget. Medan TBU bere har rekna på demografikostnader for 2016 og 2017, har TF og sett på kostnadene i perioden fram mot 2020. TBU presiserer at utrekningane må sjåast på som grove anslag. TF vil understreke at uvissa også vil auke når vi ser fleire år framover i tid. TF tar utgangspunkt i hovudalternativet («4M») frå den siste befolkningsframskrivinga til SSB som vart publisert 21. juni 2016.

Befolkningsframskriving for Meland kommune 2016-2020: Kjelde: SSB

	2016	2017	2018	2019	2020
0-5 år	733	754	760	764	769
6-15 år	1 166	1 170	1 230	1 294	1 340
16-66 år	5 087	5 228	5 354	5 456	5 565
67-79 år	606	661	691	750	800
80-89 år	172	182	188	190	196
90 år og eldre	48	43	50	49	47
Totalt	7 812	8 038	8 273	8 503	8 717

Befolkningsframskriving («4M»), Meland kommune 2016-2020. Indeksert utvikling 2016=100. Kilde: SSB

	2016	2017	2018	2019	2020
0-5 år	100	103	104	104	105
6-15 år	100	100	105	111	115
16-66 år	100	103	105	107	109
67-79 år	100	109	114	124	132
80-89 år	100	106	109	110	114
90 år og eldre	100	90	104	102	98
Totalt	100	103	106	109	112

Frå 2016 til 2020 reknar SSB («4M») ein befolkningsvekst for Meland på rundt 12%. Det er betydelig variasjon i anslått endring innan dei ulike aldersgruppene. I aldersgruppa 67-79 år er det rekna ein vekst på ca. 32%, medan det i aldersgruppa 90 år og eldre er rekna ein nedgang på rundt 2%.

Meir- og mindreutgifter i 2016 knytt til den demografiske utviklinga for Meland kommune.

Kjelde: SSB/TBU/berekingar TF

	Endring i folketall 2015		Mer-/mindreutgift 2016 (mill. kr)
	Personer	%	
0-5 år	-15	-2,0	-1,9
6-15 år	24	2,1	3,3
16-66 år	46	0,9	0,7
67-79 år	24	4,1	1,2
80-89 år	-1	-0,6	-0,2
90 år og eldre	-2	-4,0	-0,8
Sum	76	1,0	2,4

Basert på befolkningsutviklinga i 2015, får Meland kommune kalkulerte meirutgifter på om lag kr 2,4 mill. i 2016. Vekst i aldersgruppene 6-15 år, 16-66 år og 67-79 år drar i retning av auka demografikostnader for Meland i 2016.

Meir- og mindreutgifter i 2017 knytt til den demografiske utviklinga for Meland kommune.

Faste mill. 2016-kr. Kjelde: SSB/TBU/berekingar TF

	Anslått endring i folketall 2016		Mer-/mindreutgift 2017 (mill. kr)
	Personer	%	
0-5 år	21	2,9	3,9
6-15 år	4	0,3	0,6
16-66 år	141	2,8	2,6
67-79 år	55	9,1	2,9
80-89 år	10	5,8	1,7
90 år og eldre	-5	-10,4	-2,2
Sum	226	2,9	9,5

På bakgrunn av SSB-framskrivinga for 2016, er det berekna at Meland kommune kan få meirutgifter på om lag kr 9,5 mill. i 2017. Vekst i samtlege aldersgrupper, med unntak av aldersgruppa 90 år og eldre, trekker i retning av auka demografikostnader for Meland i 2017.


Meland kommune må og i budsjettet for 2017 planlegge for framtidig vekst, og vi tek difor og med berekna demografikostnadar for perioden frå 2017 til 2020.

Meir- og mindreutgifter i 2017-2020 knytt til den demografiske utviklinga for Meland kommune. Faste mill. 2016-kr. Kjelde: SSB/TBU/berekingar TF

	2017	2018	2019	2020	2017-2020
0-5 år	3,9	1,1	0,0	0,4	5,4
6-15 år	0,6	8,7	9,3	6,7	25,3
16-66 år	2,6	2,1	1,8	1,9	8,4
67-79 år	2,9	1,6	3,1	2,6	10,2
80-89 år	1,7	1,0	0,3	1,0	4,1
90 år og eldre	-2,2	3,0	-0,4	-0,9	-0,4
Sum	9,5	17,5	14,1	11,7	53,0

I perioden 2017-2020 er det berekna at Meland kommune kan få økte demografikostnader på om lag kr 53 mill. Fleire barn og unge i aldersgruppene 0-5 år og 6-15 år trekkjer isolert sett i retning av auka utgifter til barnehage og grunnskule. Fleire eldre i aldersgruppene 67-79 år og 80-89 år bidrar isolert sett til auka utgifter til pleie- og omsorgstenestene, medan færre eldre i aldersgruppa 90 år og eldre trekkjer noko i motsatt retning.

Oppsummering av berekna demografikostnadar 2017 – 2020 per aldersgruppe:



Budsjettet for skatt og rammetilskot i 2017 i det etterfølgjande kap. 7.1 viser at dei frie inntektene aukar med kr 12,7 mill. frå 2016 til 2017. Av denne veksten er kr 10,2 mill. prisjustering av inntektsnivået i 2016, og kr 2,5 mill. er auka inntekter til å dekke vekstutfordringane (demografikostnadane) og oppgåveendringar. Dette er kr 7 mill. mindre enn dei kr 9,5 mill. som Telemarksforskning har berekna at våre reine demografikostnadar vil vere i 2017.

4. Investeringsnivå og lånekapasitet

I budsjettframlegget gjer rådmann framlegg om eit investeringsnivå som er noko lågare enn i 2016, men likevel høgt samanlikna med det som har vore vanleg i Meland kommune dei siste åra. Kommunen må lånefinansiere investeringane, og det er difor viktig å til eikvar tid ha oversyn over gjeldsnivå og kommunen sin evne til handtere gjelda framover.

Total gjeld for Meland kommune per 31.12.2016 er rekna til å vera kr 573,8 mill. eller kr 71 738 per innbyggjar. Dette er opp frå kr 445,2 mill. per 31.12.2015. Auken skuldast låneopptak til investeringar i 2016, der dei største postane er skuleutbygging av Sagstad og Grasdal skule samt investeringar i vatn og avlaup. Gjeldsnivået vil auka også i 2017, då naudsynte investeringar i vatn og avlaup held fram.

Ved inngangen til 2017 kan gjelda fordelast slik:

Gjeld knytta til drift	402 618 143	70,2 %
Gjeld knytta til VAR	112 380 010	19,6 %
Gjeld knytta til vidareformidling	58 831 952	10,3 %
Total gjeld per 31.12.2016	573 830 105	100,0 %

1. Gjeld knytta til drift

Dette er gjeld som er teken opp for å finansiera td. skulebygg, anleggsmaskinar, bustadkjøp osv. Noko av denne gjelda vil til ein viss grad vera sjølvfinansierande då det kjem inn leigeinntekter frå sosiale bustader, flyktningebustader osv. Herunder vil det og vera gjeld som kvalifiserer til statlege rente- og avdragskompensasjonar.

2. Gjeld knytta til Vatn/Avlaup (VAR)

Denne er sjølvfinansierande då dette kjem inn under sjølvkostregimet, og gjeld til investeringar på dette området vil vere finansiert av gebyrinntekter på VAR-området.

3. Gjeld knytta til vidareformidling

Dette er t.d. startlån som er tekne opp i Husbanken for vidare utlån. Låna er og sjølvfinansierande då Meland kommune får renteinntekter på desse.


Framover er denne fordelinga estimert å verte som følgjer:

Gjeldsbilete fordelt på lånetype per 31.12				
	Drift	Vass / avløp	Startlån	Sum
2016	402 618 143	112 380 010	58 831 952	573 830 105
2017	462 544 506	162 959 260	56 649 412	690 435 528
2018	480 998 737	220 708 510	54 258 506	755 965 753
2019	535 426 627	235 544 010	51 826 699	822 797 336
2020	521 941 274	250 284 510	49 167 122	821 392 906
Prosentvis fordeling av gjeld				
2016	70,2 %	19,6 %	10,3 %	100 %
2017	67,8 %	23,9 %	8,3 %	100 %
2018	63,6 %	29,2 %	7,2 %	100 %
2019	65,1 %	28,6 %	6,3 %	100 %
2020	63,5 %	30,5 %	6,0 %	100 %

Som ein kan sjå av tabellen på side 9 vil investeringar innan VAR-området i stor grad stå for den framtidige gjeldsveksten i Meland kommune og vil såleis i hovudsak verte finansiert av auka gebyrer på VAR-områda. At det er VAR-området som står for den største auken framover, kjem endå klårare fram om ein ser på gjelda per innbyggjar, fordelt på dei ulike områda:

Gjeld per innbyggjar fordelt per lånetype				
	Drift	Vass / avløp	Startlån	Sum
2015	40 585	9 383	7 016	56 985
2016	50 334	14 049	7 355	71 738
2017	56 525	19 914	6 923	83 362
2018	57 385	26 331	6 473	90 189
2019	62 433	27 465	6 043	95 942
2020	59 433	28 500	5 599	93 531

Samanlikna med andre vekstkommunar i Hordaland ligg Meland kommune per 31.12.2015 omtrent midt på treet, med omsyn til netto lånegjeld (Langsiktig gjeld eksklusive pensjonsforpliktingar, fråtrekt totale utlån og ubrukte lånemidlar) per innbyggjar:



Isolert sett styrer Meland kommune mot eit høgt, men handterbart gjeldsnivå. Fordelt på type investering, ser ein at mesteparten av veksten kjem innanfor VAR-området, som er sjølvfinansierande. Gjeld knytt til drift kan og vere til investeringar som er sjølvfinansierande (bustadkjøp), då desse genererer leigeinntekter. Sett opp mot samanliknbare kommunar har Meland kommune eit gjeldsnivå per innbyggjar som ligg akkurat på gjennomsnittet for landet utan Oslo, og litt lågare enn gjennomsnittet for Kostragruppe 8 (mellomstore kommunar med låge bundne kostnader per innb. og middels frie disponible inntekter).

Som vekstkommune er det og å vente at Meland kommune vil ha relativt høg lånegjeld per innbyggjar, då veksten gjer at kommunen løpande må investere i ny infrastruktur og anlegg til auka tenestebehov.

5. Framlegg til statsbudsjettet for 2017 – Kommuneopplegget

Hovudpunkt og kommentarar til effekt for Meland kommune

Oppsummeringa nedanfor er basert på fylkesmannen si oppsummering av kommuneopplegget i skriv til kommunen av 6. oktober 2016.

Veksten i rammeoverføring og skatt (frie inntekter) frå 2016 til 2017 vil variera ein god del mellom kommunane. Følgjande punkt påverkar kommunane ulikt:

- verknad av omlegginga av inntektssystemet
- oppdatering av kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga
- endra kriteriedata (t.d. talet på eldre) og talet på innbyggjarar samla
- endring i fordeling av skjønstilskot
- bortfall av ekstraordinært skjønstilskot frå perioden 2011 - 2016
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot

5.1. Hovudpunkt i kommuneopplegget i statsbudsjettet for 2017

• Det økonomiske opplegget for 2016

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år på 6,4%, men denne er i statsbudsjettet justert opp til 8,7%, i høve til faktisk innkomen skatt. Bakgrunnen for den store skatteveksten i år er i hovudsak at aksjeeigarar har teke ut ekstraordinært stort utbyte for inntektsåret 2015, jamfør skattereforma frå 2016, som kjem til innbetaling i 2016.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er uendra frå revidert nasjonalbudsjett på 2,6%. Lønsvæksten inngår i denne med 2,4%. Løn tel om lag to tredelar av kostnadsdeflatoren.

• Pris- og kostnadsvekst 2017

I framlegget frå regjeringa er den samla pris- og kostnadsveksten (kostnadsdeflatoren) på 2,5%. Pårekna lønsvækst er og på 2,7%, medan prisvekst på varer og tenester vert berekna til 2,2%. Deflatoren vert mellom anna nytta til prisjustering av rammetilskot og øyremerka tilskot frå 2016 til 2017.

• Frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2016 til 2017 på 3,6 mrd., rekna frå inntektsnivået som vart lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Prisjustering til 2017-kroner kjem i tillegg. Nominell vekst i kommunane sine frie inntekter frå 2016 til 2017 er på landsbasis rekna til 2,7%, og med ein prisvekst på 2,5% vert realveksten på 0,2%. Den låge pårekna veksten i frie inntekter frå 2016 til 2017 har samanheng med den ekstraordinære skatten i 2016.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene er korrigererte for oppgåveendringar både for kommunane samla og kvar for seg i vedlagt tabell. Endringar i rammeoverføring i denne samanheng inngår med andre ord ikkje i den utrekna prosentveksten. Dette vil også omfatta innlemming i

rammetilskotet av øyremerka tilskot.

- Skatteauke

Det er rekna med nominell skatteauke for kommunane frå 2016 til 2017 med 2,3 %. Den relativt låge pårekna skatteveksten frå 2016 til 2017 skuldast den ekstraordinære skatteveksten i 2016. Pårekna skatteinntekter i 2017 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjings-vekst (0,7%) og lønsvekst (2,7%) Kommunane må justera for lokale tilhøve knytte til skatteutviklinga. Folketalsutviklinga fram til 01.01.2017 vil dessutan påverka skatteinntekter og inntektsutjamninga.

- Skatteøre

Skatteøret for kommunane er i 2016 11,8%, og det er i statsbudsjettet for 2017 lagt opp til at dette vert uforandra. Skattedelen av kommunen sine frie inntekter skal vere 40% - som før.

- Teljetidspunkt for innbyggjartal og aldersfordeling

Teljetidspunkt som grunnlag for rammeoverføring og utgiftsutjamning for 2017 er 1. juli 2016. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling er teljetidspunktet 1. januar 2016. For inntektsutjamninga er teljetidspunktet 1. januar 2017.

- INGAR-ordninga vert vidareført som no.

Meland kommune får i 2017 overført kr 3,9 mill. via overgangsordninga INGAR (inntektsgaranti). Kommunen må betale kr 0,8 mill. som sin del av finansieringa av ordninga, slik at netto INGAR-oppgjør for 2017 for Meland kommune er kr 3,1 mill.

- Inntektsutjamninga

Ordninga vert vidareført som i dag.

5.2. Veksttilskot

Det er lagt opp til ein auke i det samla veksttilskotet til kommunane. Dette vert gjort ved å redusere minstenivået for å få tilskot til 1,4% (1,5% i 2016). For Meland utgjer veksttilskotet i 2017 kr 3,0 mill., ned frå kr 7,5 mill i 2016. Det vert gjeve kr 57 191,- for kvar innbyggjar over vekstgrensa på 1,4%.

5.3. Kommunalt vedlikehaldstilskot Sør- og Vestlandet i 2017

I revidert nasjonalbudsjett for 2016 vart det på bakgrunn av auka arbeidsløyse vedteke eit vedlikehaldstilskot til kommunar på Sør- og Vestlandet med kr 400 mill. Det er for 2017 framlegg om kr 650 mill. i øyremerka tilskot til vedlikehald og rehabilitering for kommunar på Sør- og Vestlandet. Kr 400 mill. av tilskotet i 2017 vil bli fordelt til kommunar som ved utgangen av august 2016 hadde arbeidsløyse over landsgjennomsnittet, det vil seie over 3,1 prosent. Det blir ikkje lagt opp til søknader frå kommunane. Kommunane vil få eit likt tilskot per arbeidslaus person ut over landsgjennomsnittet på 3,1 prosent, per utgangen av august i år.

Fordelinga av dei attståande kr 250 mill. vil bli vurdert nærare over nyttår i lys av den faktiske utviklinga i arbeidsløysa. Det er difor ikkje teke stilling til den konkrete fordelinga av denne delen av ramma. Av ramma på kr 400 mill. er det, basert på framlegget, vil Meland kommune får kr 1.435.000,-.

5.4. Realvekst i dei frie inntektene til kommunane i 2017

Realveksten på kr 3,6 mrd frå 2016 skal gå til å dekke auka ressursinnsats i kommunane til:

- Befolkningsutvikling (kr 2,0 mrd)
Gjeld både med omsyn til folkevekst og endring i alderssamansetjing.
- Auke i pensjonskostnader (0,75 mrd)
Auken i pensjonskostnadene skuldast låg avkastning på pensjonsmidlane på grunn av det låge rentenivået. I tillegg er det rekna med auka amortiseringskostnader i 2017 på grunnlag av pårekna premieavvik i 2016.
- 150 mill. til tidleg innsats i grunnskulen:
Regjeringa vil senda på høyring eit lovframlegg om tidleg innsats. Fagleg svake elevar skal få tilbod om tidsavgrensa intensivopplæring.
- 300 mill. til auka satsing innan rusomsorg
Det har vore ei opptrapping i løyvingane til rusområdet i perioden 2014 - 2016. Det er framlegg om ei ytterlegare opptrapping for 2017 med kr 345 mill. Av dette kjem kr 300 mill. gjennom ei styrking av dei frie inntektene.
- 100 mill. til opptrappingsplan for rehabilitering og habilitering
Kr 100 mill. av veksten i dei frie inntektene er knytt til auka satsing på rehabilitering og habilitering. I tillegg er det framlegg om å øyremerka kr 100 mill. til opptrappingsplanen, av dette er kr 91 mill. tenkt til eit nytt øyremerka stimuleringstilskot for kommunane over Helse- og omsorgsdepartm. sitt budsjett.
- 50 mill. til auka satsing på helsestasjon og skulehelsetenesta.
For 2017 vil rammetilskotet knytt til dette kome opp i samla kr 734,4 mill., medrekna opptrappinga frå åra før 2017. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0 - 19 år, med eit minstenivå på kr 100.000,- per kommune.

I tillegg er det framlegg om øyremerka tilskot på kr 101 mill. over Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett til kommunar som kan dokumentera at midlane over rammetilskotet er brukt til denne tenesta. Meland kommune kan dokumentere dette og såleis få uttelling på denne posten.

5.5. Andre satsingsområde / endringar for kommunane i statsbudsjettet:

- Ressurskrevjande tenester for tenestemottakarar under 67 år
Utbetaling av tilskot til kommunane i 2017 er basert på direkte lønsutgifter i 2016 knytta til tenestemottakarar. Det er lagt opp til følgjande for 2017:
 - Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
 - Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per brukar frå kr 1.081.000 til kr 1.157.000 for netto utgifter i 2016. Det er med dette lagt opp til ein auke i innslagsnivået på kr 50.000,- utover prisjustering. Det inneber difor ei innstramming i tilskotsordninga.

- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2017 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2016. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.
 - Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre), som del av rammetilskotet, blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle øyremerka tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.
- Aktivitetsplikt for mottakarar av sosialhjelp
Det er framlegg om ei løyving på kr 60 mill. i kommunane sitt rammetilskot for meirkostnader som følgje av innføring av aktivitetsplikt for mottakarar av sosialhjelp som er under 30 år.
 - Døgnopphald – kommunal plikt til å tilby hjelp frå 2017.
Kommunane får frå 2017 ein plikt til å tilby døgnopphald som hjelp med ein gong også for personar med psykisk helse- og rusproblem. Den kommunale plikta skal berre omfatta personar som det for kommunen er mogleg å utgreie, behandla eller yta omsorg til. Det er framlegg om å innlemma kr 86,5 mill. i kommunane sitt rammetilskot knytt til føremålet.
 - Dagtilbod demente
Kommunane vil frå 1. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Det er lagt opp til utbygging av tilbodet fram mot år 2020.
Det er framlegg om øyremerka tilskot i 2017 på til saman kr 45 mill. for å leggje til rette for 750 plassar i 2017. Tilskotet utgjer om lag 30 prosent av kostnadene med etablering og drift.
 - Tilskot til nye sjukeheimplassar og omsorgsbustader:
For 2017 er det framlegg om å gi tilsegn om tilskot for om lag 1800 nye einingar med heil-døgns omsorg, fordelte mellom omsorgsbustader og sjukeheimplassar. Maksimalt berekningsgrunnlag av investering for kvar eining er i 2016 kr 3.060.000,-. Dette grunnlaget blir prisjustert til 2017 - kroner.

I 2016 er tilskotssats 55 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for sjukeheimplassar og 45 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for omsorgsbustader. Det er lagt opp til dei same tilskotssatsane i 2017 som i 2016. Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller ut-betring.

Regjeringa gjer framlegg om ei gradvis endring i investeringstilskotet slik at det berre blir gitt tilskot til investeringar som aukar det samla talet på plassar i kommunen. Framlegget legg opp til at det ikkje vil bli gitt tilskot til rehabilitering av eksisterande plassar etter ein overgangsperiode. Det blir lagt opp til ei gradvis omlegging slik at det i 2017 vil vere 20 prosent av tilskota som blir reserverte plassar som gir netto vekst i kommunen. For 2018 vil 40 prosent av tilskota bli reservert plassar som gir netto vekst o.s.v. Frå 2021 er det i framlegget lagt opp til å berre gi tilskot til nye plassar.

- Frivilligsentralar
Ansvaret for tilskot til frivilligsentralar skal frå 01.01.2017 bli overført til kommunane ved at tilskotet blir innlemma i kommunane sitt rammetilskot. Det øyremerka tilskotet frå Kulturdepartementet var i 2016 kr 127,8 mill., som prisjustert til 2017 blir kr 131 mill. I tillegg er det framlegg om å auka løyvinga med kr 20 mill., slik at samla ramme til fordeling blir kr 151 mill.

Det blir lagt opp til at tilskot blir fordelt særskilt innafor rammetilskotet i ein overgangsperiode på fire år. Tilskot for 2017 vil byggje på Kulturdepartementet si fordeling av det øyremarka tilskotet i 2016.

5.6. Nytt inntektssystem for kommunane

Følgjande endringar er gjort i inntektssystemet frå og med 2017:

1. gradering av basistilskot på grunnlag av strukturverdi
2. distriktstilskot Sør - Noreg
3. småkommunetillegg
4. oppdatering av kostnadsnøkklane

• Basistilskot

Det blir lagt opp til at halvdelen av basistilskotet skal vere eit like stort tilskot per kommune. Den andre halvdelen av basistilskotet vil bli gradert etter strukturverdi i høve til grenseverdi. Grenseverdien blir 25,5 km. Det vil seie at ein kommune som har strukturverdi lik eller meir enn 25,5 kilometer vil få fullt basistilskot. Dersom strukturverdien er lågare enn 25,5 km, vil basistilskotet bli mindre enn fullt tilskot. Fullt basistilskot i 2017 vil vere om lag kr 15 mill. per kommune.

• For distriktstilskotet og småkommunetillegget

vil det bli lagt til grunn nyare distriktsindeksar enn det som var kjende i mai i år. Grunnlaget for begge tilskota vil vere distriktsindeksane for 2015. Trekk i småkommunetillegget, samanlikna med fullt tilskot, vil for 2017 vere basert på distriktsindeksane for 2015.

5.7. Inntektsutjamninga

Ordninga vert vidareført som i dag. Meland kommune har forventa skatteinntekter for 2017 på 85,8% av landsgjennomsnittet, og får difor kompensert for 95 % av manglande skatteinntekter opp til 90% av landsgjennomsnittet, og for 60% av manglande inntekter opp til nivå tilsvarande gjennomsnitt for landet. Utrekningane gjerast basert på berekingar av skatteinntekter per innbyggjar Som følgje av denne inntektsutjamninga er det i hovudsak nasjonale endring i skatteinntektene som har påverknad på Meland kommune sine totale skatte- og skatteutjamningsinntekter meir enn endringane lokalt for kommunen direkte.

5.8. Skjønstilskot

Fylkesmannen har fordelt kr 95,3 mill. av ei total ramme på kr 127,7 mill. til fordeling i Hordaland. Resten, kr 32,4 mill. vil verte fordelt til uventa økonomiske utfordringar, inkl. naturskade, samt til prosjektskjøn og evt. andre føremål.

Meland kommune får i 2017 kr 4,1 mill. i skjønstilskot, som er kr 0,2 mill. meir enn i 2016. Fylkesmannen kommenterer tildelinga til Meland kommune slik:

«Kommunen har i mange år vore ein av kommunane i landet med høgast prosentvis folkevekst. Det har blant anna ført til stort behov for nye barnehageplassar og utviding av skulane. Det har over lang tid vore stort behov for å legge til rette infrastruktur i samband med bustadbygging. Med den høge innflyttinga frå Bergen

er det mange av foreldra som ynskjer bokmål i skulen. Kommunen må ha ekstra skuleklassar som følgje av språkdeling.

Kommunen opplever ein auke i rusrelaterte problem. Auken kan ha samanheng med nær-leiken til Bergen, samt generell folkevekst og tilflytting. Kommunen har høg arbeidsløyse, noko som har samanheng med at befolkninga er ung. Kommunen får redusert utgiftsutjamning i 2017 som følgje av oppdateringa av kostnadsnøklane med større vekt på aldersgruppene 67 - 79 år og 80 - 89 år. Kommunen får redusert basistilskot i 2017, før den særskilte kompensasjonen (2017-2019) for kommunar som har gjort vedtak om samanslåing. Lågare folkevekst i seinare tid fører til at kommunen får ein stor reduksjon i veksttilskotet frå 2016 til 2017, om lag kr 4,5 mill. i reduksjon.»

5.9. Kommunereform

- Tilskot mellomstore kommunar

Det vil bli gitt tilskot til mellomstore kommunar der det er gjort nasjonalt vedtak om samanslåing i perioden for kommunereforma. Ny kommune må ha meir enn 9000 innbyggjarar etter samanslåing og ikkje få storbytilskot. For landet er det ei ramme på kr 100 mill. for 2017, som svarer til andre halvår 2017. I 2018 blir ramma til føremålet, med heilårsverknad, kr 200 mill.

Det er lagt opp til at 60 prosent av ramma skal bli fordelt med ein sats per samanslåing. 40 prosent av ramma skal bli fordelt med ein sats per innbyggjar. Fordelinga vil bli gjort våren 2017.

- Kompensasjon for redusert basistilskot

Kommunar som slår seg saman, og som mellombels får redusert basistilskot i perioden fram til samanslåinga trer i kraft, vil få ein eigen kompensasjon frå og med 2017. Kompensasjon for redusert basistilskot vil bli gitt av ei ramme på kr 300 mill. av departementet sine skjønsmidlar i 2017. Fordelinga av dette tilskotet mellom kommunane vil bli gjort etter Stortinget si handsaming av kommunereforma våren 2017.

Denne kompensasjonsordninga omfattar ikkje endringar i distriktstilskotet og småkommunetillegget. Kompensasjon knytt til reduksjon i basistilskot (kr 300 mill.) og tilskot mellomstore kommunar (kr 100 mill.) erstattar ekstraordinært skjønstilskot frå departementet i perioden 2011 - 2016. Denne kompensasjonen vart gitt til kommunar som tapte mykje på omlegginga i inntektssystemet i 2011.

- Inndelingstilskot og eingongstilskot

Kommunar som slår seg saman vil få erstatta bortfall av basistilskot og eventuelle bortfall av småkommunetilskot/reduksjon distriktstilskot gjennom årlege inndelingstilskot (15 + 5 år), på grunnlag av inntektssystemet og kriteriegrunnlaget for 2016. Inndelingstilskot blir gitt frå og med året når samanslåinga blir sett i verk. Det blir gitt årleg priskompensasjon slik at realverdien blir oppretthalde dei første femten åra. I 2016 er basistilskotet om lag kr 13,2 mill. per kommune.

Tilskot for eingongskostnader vil bli utbetalt i 2017 når Stortinget har gjort nasjonalt vedtak om kommunesamanslåing.

6. Oppsummering av budsjettframlegget for 2017

6.1. Generelle kommentarar

Rådmann har delegert mynde til å fordele samla utgiftsramme på dei ulike tenesteområda som den kommunale administrasjonen er delt opp i. Kommunestyret gjer heller ikkje vedtak om fordeling av ramma. For å forklare innhaldet i budsjettframlegget vil likevel rådmannen informere om korleis budsjettamma for 2017 er tenkt fordelt til tenesteområda, korleis utvikling i denne ramma har vore frå 2016, og kva nye tiltak som rådmann har med i sitt budsjettframlegg. Budsjettframlegget tek utgangspunkt i dei prioriteringar og føringar som ligg i økonomiplanen for 2017-2020.

6.2. Budsjettframlegg for 2017 fordelt per tenesteområde

Netto finansinntekter, skatt og rammetilskot er i 2017 budsjettet med kr 435,1 mill. Rådmann gjer framlegg om rammer til tenesteområda i budsjettet for 2017 med til saman kr 434,5 mill. Budsjettframlegget er dermed i balanse med eit mindreforbruk på kr 0,6 mill., som er foreslått avsett til disposisjonsfond.

Budsjettframlegg 2017 per tenesteområde, netto rammer	Framlegg budsjett 2017	Revidert budsjett 2016	Endr. i kr 2016-2017	Endr. i % 2016-2017
Skatt og rammetilskot	421 100	407 900	13 200	3,2 %
Andre finanspostar / eigned.skatt	14 000	14 840	-840	-5,7 %
Netto finans, skatt og rammetilskot	435 100	422 740	12 360	2,9 %
Politikk/Rådmanskontor	17 493	17 649	-156	-0,9 %
Økonomi	9 370	8 400	970	11,6 %
IKT	7 654	7 140	514	7,2 %
Interkomm. Brannvern	7 077	6 810	267	3,9 %
Rådgevarteneneste ekskl. priv. barneh.	8 742	9 338	-596	-6,4 %
Private barnehagar	80 526	78 952	1 573	2,0 %
PPT	2 949	2 163	786	36,3 %
Kommunal barnehagedrift	6 575	5 970	605	10,1 %
Grasdal skule	13 038	12 445	593	4,8 %
Meland ungd.skule (inkl. Vaksenoppl.)	16 193	16 639	-445	-2,7 %
Rosslund skule	24 760	24 349	411	1,7 %
Sagstad skule	29 529	28 703	826	2,9 %
Vestbygd skule	18 162	16 759	1 403	8,4 %
Helse	27 519	26 388	1 132	4,3 %
NAV/Sosiale tenester	12 336	11 950	386	3,2 %
Barnevern	11 715	10 190	1 525	15,0 %
Meland sjukeheim	39 830	39 970	-140	-0,3 %
Meland heimetenester	60 374	59 806	568	1,0 %
Kultur	9 502	8 196	1 305	15,9 %
Plan, utbygging og komm.teknikk	31 125	29 974	1 151	3,8 %
Sum rammer tenesteområda	434 469	421 790	12 679	3,0 %
Netto resultat / til disposisjon:	631	950	-319	

Samanlikna med revidert budsjett for 2016 har vi auka netto finans, skatt og rammetilskotet med til saman kr 12,4 mill. eller 2,9%, medan utgiftene til tenesteområda er auka med kr 12,7 mill. (3,0%).

Budsjettprosessen for 2017 har vore vanskeleg grunna låg vekst i inntektene, og sjølv etter fleire rundar med justeringar av framlegga viste det seg at utgiftene totalt var om lag kr 3,4 mill. for høge til at vi kunne leggje fram eit budsjett i balanse. Det vart difor gjort eit generelt kutt fordelt ut på dei fleste tenesteområda med om lag 1%. Kutta får konsekvensar for tenestetilbodet. Dette er nærare forklart i kommentarane til kvart tenesteområde seinare i dokumentet. Nedanfor er beløp av vesentleg karakter kommentert.

Oppsummering av viktige endringar per tenesteområde:

Politikk / rådmannskontor:

- Reduksjon kr 700.000: Midlar til kommunestrukturarbeidet i budsjettet for 2016 som ikkje vert vidareført til 2017 er teke ut, då ein reknar med å kunne bruke inndelingstilskotet til dette i 2017.
- Auke til reiselivssatsing kr 130.000,-
- Generelt kutt kr 160.000,-.

Økonomikontor:

- Auke med kr 800.000: Overføring til interkommunalt kemnerkontor for lågt i budsjett for 2016, justere grunnlaget for 2017. Skuldast at vi ikkje har korrigert budsjettet for 2016 etter endeleg vedtak om statsbudsjett for 2016, der kemnerkontoret likevel ikkje skulle overførast til staten.

IKT:

- Auke med kr 0,4 mill. til interkommunal satsing på utvikling av IKT-området styrt av IKT-strategigruppa i kommunesamarbeidet i Nordhordland.
- Generelle kutt kr 100.000,-.

Rådgevartenesta:

- Reduksjon som følgje av frigjorte midlar innan skuleområdet kr 800.000,-

Private barnehagar:

- Auken i tilskot noko mindre enn rekna med grunna færre barn i 2017 enn rekna med i økonomiplanen.

PPT:

- Auke med ei ny stilling, kr 850.000,-.

Kommunal Barnehagedrift /Mariehøna Barnehage:

- Auke om lag kr 450.000,- til oppbemanning etter auke i barnetal frå hausten 2016

Grasdalen skule:

- Auke med kr 400.000,- for å dekke opp ekstra kostnader med nye klassar. Auken i ramme er mindre enn det som ligg til grunn i økonomiplanen.
- Generelt kutt kr 130.000,-.

Rossland skule:

- Generelt kutt kr 200.000,-.

Meland Ungdomskule:

- Reduksjon med kr 370.000,- er heilårseffekt av nedtrekk gjort i 2016.
- Generelt kutt kr 200.000,-.

Sagstad skule:

- Auke med kr 400.000,- for å dekke opp ekstra kostnader med nye klassar. Auken i ramme er mindre enn det som ligg til grunn i økonomiplanen.
- Generelt kutt kr 300.000,-.

Vestbygd skule:

- Auke med om lag kr 1,0 mill. skuldast vidareføring av auka ressursar tildelt i 2016 til spesialundervisning, klasseauke m.m.

Helse:

- Innleiande kutt med kr 300.000 for å kunne møte forventede inntektsreduksjon.
- Auke i ramma med kr 430.000,- for å dekke opp for statsbudsjettet sin tydelege satsing innanfor rus og psykiatri.
- Midlar til kommunale eigenandel kr 800.000,- til oppretting av ny psykologstilling.
- I tillegg generelt kutt på om lag kr 300.000,- i sluttsalderinga av budsjettet.

Barnevern:

- Auke på kr om lag kr 1,4 mill. skuldast auke i kostnader til tiltak og plasseringar.
- Generelt kutt kr 120.000,-.

Meland Sjukeheim:

- Innleiande kutt med kr 800.000,- for å kunne møte forventede inntektsreduksjon.
- I tillegg generelt kutt kr 320.000,- i sluttsalderinga av budsjettet

Heimetenesta:

- Innleiande kutt med kr 800.000,- for å kunne møte forventede inntektsreduksjon.
- Auke i ramma med kr 400.000,- til nytt dagtilbod innan dei ressurskrevjande tenestene mot enkeltbrukarar.
- I tillegg generelt kutt kr 480.000,- i sluttsalderinga av budsjettet

Kultur:

- Auke med kr 300.000,- som følgje av at finansieringa av frivilligsentralane frå 2017 er lagt inn i rammetilskotet.
- Auke med om lag kr 900.000,- til aktivitetsauke i løpet av 2016 som får årsverknad i 2017. Dette inkluderer og justeringar som følgje av underbudsjettering av løn på kulturskulen i 2016 som vi ikkje har fanga opp tidlegare.
- Generelt kutt kr 100.000,-.

Plan, utbygging og kommunalteknikk:

- Kr 350.000,- til auka kostnader i avtale med Meland Aktiv
- Auke til drift av bygg med kr 400.000,- som følgje av at vi utvidar skulane.
- Generelt kutt kr 315.000,-.

7. Kommentar til netto finanspostar, skatt og rammetilskot:

Tabellen nedanfor viser spesifikasjon av netto finanspostar i budsjettframlegget for 2017.

Budsjett 2017 Netto finans / utgiftrammer	Regnskap 2013	Regnskap 2014	Regnskap 2015	Prognose 2016	Budsjett 2017
Sum skatt og rammetilskot	347 376	364 664	391 791	408 400	421 100
% vekst i skatt og rammetilsk. pr år		5,0 %	7,4 %	4,2 %	3,1 %
Avdrag	-13 171	-13 509	-13 190	-13 700	-15 100
Netto avskrivningar	8 297	8 414	8 426	8 660	8 800
Renteutgifter lån	-11 712	-10 638	-9 281	-9 500	-10 300
Netto andre rentepostar	9 452	8 558	7 662	7 690	8 700
Eigedomsskatt	15 942	23 631	18 523	18 800	19 050
Utbytte m.m.:	2 821	13 254	2 920	2 890	2 850
Sum andre finanspostar	11 629	29 710	15 060	14 840	14 000
Netto finans før avsetn. til fond	359 005	394 374	406 851	423 240	435 100
Ramme (forbruk) tenesteområda:	337 926	379 472	392 351	422 290	434 470
Netto overskot:	21 079	14 902	14 500	950	630
Overskot i % av netto finans	5,87 %	3,8 %	3,6 %	0,2 %	0,1 %
Rammeøkning i forh. til året før		41 546	12 879	29 939	12 180
Rammeøkning i % i forh. til året før		12,3 %	3,4 %	7,6 %	2,9 %

7.1. Skatt og rammetilskot

KS sin prognosemodell vert nytta som grunnlag for Meland kommune si budsjettering av rammetilskot og skatteinntekter. Rammetilskotet vert fastsett i statsbudsjettet. Skatteanslaget som ligg til grunn for berekninga av kommunen sine frie inntekter (sum av skatt og rammetilskot) i statsbudsjettet er basert på folketalet per 1. januar 2016. I prognosemodellen får vi i tillegg med oss forventa skatteinntekter som følgje av veksten i folketalet fram til 1. januar 2017.

Prognosemodellen gir difor meir korrekte tal på skatteinntekter og skatteutjamning enn det som kjem fram i statsbudsjettet. Tabellen nedanfor viser utvikling i rammetilskot, skatt og inntektsutjamning for perioden rekneskap 2013 – budsjett 2017. Sum skatt og rammetilskot for 2017 er budsjettert med kr 421,1 mill. Dette er kr 12,7 mill. høgare enn i prognosen for 2016, ein vekst på 3,1%. Auken inkluderer inntektsendringar som følgje av omfordeling av oppgåver og øyremerka tilskot. Frå 2017 er tilskot til frivillig-sentralar inkludert i posten saker med særskilt fordeling, medan dette i 2016 var eit øyremerka tilskot.

Gjennom utgiftsutjamninga vert innbyggjartilskotet omfordelt mellom kommunane ved hjelp av behovsindeksen. Midlar vert omfordelt frå kommunar med lågt kalkulert utgiftsbehov til kommunar med høgt utgiftsbehov. Behovsindeksen seier noko om kor dyr ein kommune er å drive etter objektiv kriterie samanlikna med landsgjennomsnittet. Behovsindeksen denne vert brukt til å rekne ut kommunen sitt trekk eller tillegg i utgiftsutjamninga.

Auka inntekter frå utgiftsutjamninga skal ha sin årsak i auke i kommunen sine utgifter på eitt eller fleire område, og motsett. Konsekvensar av endringane i inntektssystemet gjeld i hovudsak postar som er inkluderte i utgiftsutjamninga, og effekten av omlegginga kjem dermed fram som del av endringa frå 2016 til 2017 på denne posten.

Meland kommune kjem dårlegast ut når det gjeld venta vekst i frie inntekter frå 2016 til 2017 av samtlege kommunar i Hordaland. Dette skuldast nedgang i veksttilskot med om lag kr 4,5 mill. og reduksjon i utgiftsutjamninga på kr 8,6 mill. Av dette siste skuldast kr 1,7 mill. endring i kriteriedata uavhengig av omlegginga av inntektssystemet, og kr 6,9 mill. skuldast omlegginga av inntektssystemet, inkludert reduksjon som følgje av gradering av basistilskotet.

Skatt og rammetilskot Budsjett 2017

Tal i 1000 kr

Rammetilskot	Reknesk. 2013	Reknesk. 2014	Reknesk. 2015	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endr 2016-2017
Innbyggjartilskot	157 297	170 596	171 931	176 564	185 197	8 633
Utgiftsutjamning	10 053	8 875	17 163	17 592	9 009	-8 583
Korreksjon for barn i statlege og private skular	-271	-1 564	-3 885	-4 782	-4 758	24
Tilskot til INGAR (inntektsgarantiordn.)	-444	-460	-486	-446	-801	-355
Overføring frå INGAR					3 910	3 910
Saker m/særskild fordeling		309	689	1 226	1 721	495
Veksttilskot	1 760	4 068	7 469	7 481	2 979	-4 502
Skjønstilskot	4 900	4 200	4 042	3 900	4 100	200
Diverse / Rev. nasj. budsj.	130	-999	1 497	1 005	33	-972
Overgangsordning - tilbakeføring av gradert basis					500	500
Sum rammetilskot	173 425	185 025	198 420	202 540	201 890	-650
Auke i forhold til året før:	8 673	11 600	13 395	4 120	-650	
Auke i %:	5,3 %	6,7 %	7,2 %	2,0 %	-0,3 %	
Skatt og inntektsutjamning						
Kommunale skatteinntekter	160 999	160 894	173 698	186 480	199 066	12 586
Inntektsutjamning	12 952	18 745	19 673	19 380	20 144	764
Sum	173 951	179 639	193 371	205 860	219 210	13 350
Auke i forhold til året før:	14 593	5 688	13 732	12 489	13 350	
Sum auke i %:	9,2 %	3,3 %	7,6 %	6,5 %	6,5 %	
Sum rammetilskot, skatt og Innt.utjamm.	347 376	364 664	391 791	408 400	421 100	12 700
Auke i forhold til året før:	23 266	17 288	27 127	16 609	12 700	
Sum auke i %:	7,2 %	5,0 %	7,4 %	4,2 %	3,1 %	

Vi har ein auke i innbyggjartilskotet (fast beløp per innbyggjar) på kr 8,6 mill frå 2016 til 2017. I 2017 er satsen per innbyggjar kr 23 313,-. Multiplisert med innbyggjartalet per 1. juli 2016 på 7 944 vert dette kr 185,2 mill. Satsen per innbyggjar er auka med kr 644,- frå 2016 til 2017. Kr 5,1 mill av auken på kr 8,6 mill kjem dermed som følgja av auka sats. Resten, kr 3,5 mill., skuldast auke i innbyggjartalet med 155 frå 1. juli 2015 til 1. juli 2016.

Meland kommune får i 2017 eit trekk på kr 4,8 mill. som følgje at vi har 83 barn (telljedato oktober 2015) i statlege og private skular. I 2016 fekk vi trekk for 86 elever. Sjølve trekket i kroner er i 2017 om lag uendra frå 2016.

Mange kommunar tapar (som Meland) mykje på omlegginga av inntektssystemet, og skal dermed ha tilskot frå INGAR-ordninga (INtektGARantiordninga). Kommunar får tilskot når nedgangen i rammetilskot vert meir enn kr 300 per innbyggjar frå eit år til det neste. Endringar i veksttilskotet er ikkje med når INGAR vert berekna. Ordninga er finansiert med eit likt trekk per innbyggjar for alle kommunar, og auka tilskot frå ordninga gjer at satsen per innbyggjar og aukar. Vi får auke i vår kostnad til INGAR frå kr 0,4 mill. i 2016 til kr 0,8 mill. i 2017. Meland kommune får i 2017 tilskot på kr 3,9 mill. frå ordninga, slik at vår netto overføring frå INGAR i 2017 er kr 3,1 mill.

Vi har vidare auke i skjønstilskot på kr 0,2 mill og auke på kr 0,5 mill i saker til særskilt fordeling. Inkludert her er finansieringa av frivilligsentralen.

Vi har til slutt lagt inn at vi skal få kr 0,5 mill. i kompensasjon for tilbakeføring av gradert basistilskot. Kommunar som har vedteke samanslåing skal få kompensert inntektstap som følgje av reduksjon i basistilskotet etter omlegginga av inntektssystemet gjeldande frå 2017. Vi fått opplyst frå KS (førebeles berekning) at dette vert kr 4,4 mill. i 2017 for Meland kommune. Vedtak skjer først etter Stortinget si handsaming av kommunereforma våren 2017. I proposisjonen står det at denne kompensasjonen skal motrekna mot motteke INGAR-tilskot, som for Meland kommune er kr 3,9 mill. Det er usikkert korleis denne motrekninga skal skje. Vi er konservative i vår budsjettering, legg til grunn full motrekning (mot brutte tilskot frå INGAR), og dermed kr 0,5 mill. i kompensasjon for 2017.

Netto reduksjon frå 2016 til 2017 i rammetilskotet inkl. skjønstilskot (men ekskl. prosjektskjøn) vert dermed kr 0,65 mill.

Auke i skatteinntekter og skatteutjamning er totalt berekna til å verte kr 13,35 mill frå 2016 til 2017. Sum vekst i frie inntekter vert dermed kr 12,7 mill, eller ein vekst på 3,1%. Fylkesmannen har i skriv til kommunen berekna denne veksten til 0,8%. Talet frå fylkesmannen brukar statsbudsjettet sine utrekningar for skatteinntekter. Han tek dermed ikkje omsyn til folkeveksten fram til 1. januar 2017 når det gjeld skatteinntekter, men bruker folketalet per 1.1.2016. Som følgje av at Meland har stor folkevekst får vi reelt ein høgare vekst enn det tala til fylkesmannen tilseier.

Ekstra vedlikehaldsmidlar jfr. kap. 5.3 over er ikkje inkludert i budsjettet for 2017 verken på inntektsida eller utgiftssida.

7.2. Andre finanspostar inkl. eigedomsskatt

I budsjettet for 2017 samanlikna med 2016 er netto inntekt frå andre finanspostar redusert med kr 0,8 mill. frå kr 14,8 mill i prognose for 2016 til 14 mill. i budsjettframlegget for 2017. Dette skuldast auke i avdrag og renteutgifter på lån. Netto avskrivningar er interne kalkulerte avskrivingskostnadar kostnadsført på kommunale bygg og på sjølvkost innan vatn og avlaup, men motpost (inntekt) på finansområdet. Inneber eigentleg at deler av avdragskostnadane vert fordelt på dei nemnde områda. Andre rentepostar er renteinntekter frå bankinnskot, frå utlån, og kalkulatoriske renter fordelt ut på investeringar og sjølvkostområda.

7.3. Skatteøre eigedomsskatt

Det er lagt til grunn eit skatteøre på 7 % på verk og bruk og 3,5 % på bustad og hytter for budsjett 2017. Dette er same nivå som i 2016.

7.4. Renter og avdrag

Tabellen nedanfor syner oppstilling over renter og avdrag i budsjettet for 2017. Gjennomsnittleg vekta rente for låneporteføljene i 2017 er 1,85%

Renter og avdrag innlån 2017	Renter 2017	Avdrag 2017	Sum renter og avdrag 2017	Restgjeld 01.01.2017	Restgjeld 31.12.2017	Avdrag i % av gjeld per 01.01.2017
Kommunalbanken	3 826 696	8 057 290	11 883 986	209 379 120	200 321 830	3,85 %
Husbanken	1 096 217	3 204 762	4 300 979	88 430 985	85 226 223	3,62 %
BKK	10 200	300 000	310 200	600 000	300 000	50,00 %
Sertifikatlån	2 661 642	2 811 900	5 473 542	140 595 000	137 783 100	2,00 %
Obligasjonslån	2 467 298	2 696 500	5 163 798	134 825 000	131 454 375	2,00 %
Nye lån 2017			-		135 350 000	
SUM	10 062 053	17 070 452	27 132 505	573 830 105	690 435 528	2,97 %
Avdrag startlån ført i kapitalrekneskapen		2 000 000				
SUM driftsrekneskapen	10 062 053	15 070 452				
Avrunda i budsjettet til:	10 100 000	15 100 000				

Sum lånegjeld ved utgangen av 2017 er budsjettetert til kr 690 mill. Grunna god likviditet treng ein ikkje gjere opptak av nye lån før på slutten av 2017, og det vil såleis ikkje påløpe kostnader i samband med nye låneopptak gjort i 2017.

Avdraga utgjer 2,97% av gjelda per 1.1.2017. Dette er ei forenkla utrekning som ikkje tek omsyn til lån til utlån og forskottering eller verdien av anleggsmiddel og avskrivningane av desse. Om ein tek omsyn til dette utgjer avdraga rundt 3,5%, avhengig av val av metode, og er såleis innafor minimumsberekinga av avdrag.

8. Kommentarer frå administrative einingar

I dei etterfølgjande kapitla følgjer kommentarar til status på drift og aktivitet i kvart tenesteområde, og til budsjettframlegget for 2017.

8.1. Stab/Rådmannskontor

Stabsområdet har i 2017 budsjettert med 11,2 årsverk, same som i 2016. I tillegg vert frikjøp for tillitsvalde med heimel/utrekning etter reglane i Hovudtariffavtalen ført på dette området, noko som utgjør ca. 1,5 årsverk, samt frikjøp av hovudverneombud. Området dekkjer og utgifter til revisjon, politiske styre, råd og utval, inkl. løn til ordførar og varaordførar, arbeidsmiljøutvalet, samt alkoholløyve og kontroll. Adm.stab rådmann har m.a. ansvar for HR-funksjonen, resepsjonstenesta, dokumentsenteret, overordna arkivteneste, kommunen si heimeside, intranett og Facebook-side. Vidare skal staben serve politiske råd og utval med sekretærentester, innkallingar, møtebøker/protokollar m.m. Annakvart år har adm. stab sekretariatsansvar for gjennomføring av val. Det er i 2017 teke med utgifter til gjennomføring av stortingsvalet i budsjettet.

Området er kjenneteikna av mange faste utgifter, der kostnadene ligg utanfor kommunen sin kontroll. Døme på dette er utgifter til yrkesskadeborsikring, pasientskade-erstatning, innbetaling av OU-midlar, medlemsskap i KS m.m. Mange av kostnadene gjeld for heile kommuneorganisasjonen, som t.d. bedriftshelseteneste, juridisk bistand, innkjøpsordning, meklarteneste på kommunen sine forsikringar, annonsering m.m. Fleire av kostnadene er også knytt til interkommunale samarbeidsordningar, som t.d. Regionrådet/Nordhordland IKS, Interkommunalt arkiv og interkommunal innkjøpsordning.

Det er i all hovudsak ingen driftsmessige endringar frå 2016 til 2017. Stillingsressursar tilsvarande 50% stilling vart hausten 2016 omfordelt internt, slik at vi no har ca 1,8 årsverk knytta til resepsjonstenesta. I budsjettet for 2016 var det inkludert kr 700.000,- til utgifter knytt til kommunesamanslåingsprosessen. Desse er ikkje vidareført i 2017. I tillegg var det i 2016 budsjettert kr 0,4 mill i gruppelivsforsikring for alle kommunalt tilsette på stab/rådmannskontor, som i budsjettet for 2017 er fordelt ut på tenesteområda.

Det generelle nedtrekket på 1% (ca kr 170 000) gjer at budsjettet i 2017 vil vere svært sårbart for uføresette utgifter, og fleire av budsjettpostane er svært knapt budsjetterte.

8.2. Økonomikontor

På dette området ligg kostnadar til økonomistaben, samt kostnadar (refusjonar) til felles regionalt kemnerkontor og til Meland kommune sitt kyrkjelege fellesråd. Det er i dag 6,5 årsverk ved kontoret, etter auke med ei stilling frå 2015 til 2016. Ingen endringar frå 2016 til 2017. Kontoret har ansvar for rekneskapsføring, fakturering, løn, økonomirapportering, budsjettarbeid, innkjøp, finansoppfølging, IKT og telefoni.

I budsjettet for 2016 var det lagt til grunn at kemnerkontoret skulle overførast til staten i løpet av 2016. Dette vart det ikkje noko av, og ramma for tenesteområdet for 2017 er justert for dette.

Løyvinga til Meland kyrkjelege fellesråd er for 2017 kr 3,5 mill kr. Dette er ei aoke på kr 100 000,- frå 2016.

8.3. IKT

IKT-budsjettet inneheld felles kommunale IKT og telefoni-kostnader. I tillegg kjem kommunen sin del av felles IKT-drift gjennom IKT-Nordhordland (IKTNH) og interkommunale IKT-strategi- og prosjektkostnader. Meland kommune har ikkje eigen stab på IKT-området. Økonomisjefen er IKT-kontakt for kommunen og deltek på noko møteverksemd på IKT-området, og er ansvarleg for oppfølging av IKT-budsjettet og den aktiviteten som skal skje på dette område. Elles er heile drifta sett ut til det interkommunale samarbeidet. Sum budsjettframlegg for 2017 er på kr 7,65 mill., ei auke på kr 0,5 mill. frå 2016.

Auken går til ei satsing innan det såkalla IKT-strategiarbeidet i kommunesamarbeidet i Nordhordland, og er særleg knytt til diverse prosjekt for å forbetre og effektivisere drifta av økonomi- og personalsystema som kommunane bruker, samt bygge opp ein felles driftsorganisasjon som kan handtere drifta av desse systema på ein betre måte enn einskildkommunane klarar i dag.

I 2017-budsjettet er kr 0,5 mill. av kostnadane til IKTNH prosjektrelaterede kostnader som vert ført som investeringar.

8.4. Interkommunalt Brannvern

Meland kommune er med i Lindås og Meland interkommunale brann- og redningsteneste. Dette er eit vertskommunesamarbeid der Lindås er vert. I 2017 er det budsjettetert med til saman kr 7,1 mill. til føremålet. Dette er ei auke på kr 0,3 mill. eller 3,9% frå 2016. Tenesta fekk i 2016 ei betydeleg kostnadsauke som følgje av overgangen til nytt naudnett, og det er ei relativt stor auke i pensjonskostnadane til dei tilsette i branntenesta, som følgje av at større del av lønsgrunnlaget er pensjonsgjevande enn det ein tidlegare har rekna med.

8.5. Rådgjevarstaben ekskl. private barnehagar

Her ligg kostnader til rådgjevarstaben innan helse, pleie- og omsorg, skulesektoren og kommuneplanleggjar. Hausten 2016 vart det tilsett ny næringsrådgjevar fullt ut betalt av tilskot frå Meland Utbyggingsselskap AS. Utanom lønskostnader er den største kostnaden for rådgjevartenesta (totalt budsjettet kr 3,9 mill. for 2017) knytt til refusjon til skular for gjesteelevar og til andre kommunar for fosterbarn eigentleg heimebuande i Meland kommune. Posten er redusert med om lag kr 0,8 mill. frå 2016 til 2017.

8.6. Private barnehagar

Tilskot til private barnehagar er ein av dei store utgiftspostane til kommunen. For 2017 er den totale budsjetttramma for tenesteområdet kr 80,5 mill. Av dette utgjer sjølve tilskotet til dei private barnehagane kr 75,9 mill. Tilskotet er utrekna som ein fast sum per barn multiplisert med venta barnetal i dei private barnehagane 15. des. i året før tilskotsåret (15.12.2016 for budsjett 2017). Det vert og gjeve tilskot for oppstart av nye avdelingar i tilskotsåret etter avtale om dette med kommunen. Tilskotet vil dermed i stor grad vere gjeve i god tid før budsjettåret, men den endelege summen vil først vera klar når faktiske barnetal per 15.12.2016 føreligg i årsmeldinga til barnehagane i løpet av januar 2017.

Tilskotsreglar er uendra i høve til i fjor, og er oppsummert slik:

1. Er sett saman av ein driftsdel og ein kapitaldel
2. Tilskotsgrunnlaget (driftsdel) er kommunen sine 2 år gamle rekneskap.
3. Kommunen sine pensjonsutgifter skal takast ut av berekningsgrunnlaget, og ein kalkulert pensjonsutgift på 13% av lønsgrunnlaget skal brukast.
4. Driftstilskotet skal vere 100% av satsane for alle barnehagar frå og med 2016.
5. Kapitaltilskotet er avhengig av byggeåret til barnehagebygget, og vert årleg fastsett av Utdanningsdirektoratet (Udir).

Driftstilskotet per barn til ordinære private barnehagar i Meland kommune er for 2017 er berekna til:

Sats små barn: **kr 180.108,-** Sats store barn: **kr 85.702,-**

Desse satsane ligg om lag 10% lågare enn dei nasjonale satsane som for budsjettåret 2017 er sett til:

Sats små barn: kr 199.800,- Sats store barn: kr 96.300,-

Historisk utvikling i satsar 2013-2017:

Kommunale satser ordinære barnehager:	2013	2014	2015	2016	2017
Små barn:	148 585	168 144	156 844	176 444	180 108
Store barn:	70 178	80 678	73 663	84 011	85 702

Då Meland kommune ikkje har eigne familiebarnehagar vert det nytta nasjonale satsar for familiebarnehagar i Meland kommune. For 2017 er desse sett til:

Sats små barn: **kr 156.100,-** Sats store barn: **kr 118.900,-**

Satsar 2017 for kapitaltilskot	
Barnehagebyggets byggeår	Tilskotssats per barn 2017
Til og med 2008	8 600
2009-2011	14 400
2012-2014	16 800
2015-2017	20 900
Familiebarnehagar	13 100

Satsane for kapitaltilskot vil variere i forhold til byggeåret for den enkelte private barnehagen. Grunna ulike byggeår for dei private barnehagane i Meland kommune er den vekta gjennomsnittlege satsen for kapitaltilskot kr 11.220,- per barn. For familiebarnehagane er satsen fastsett uavhengig av byggeår og er i 2017 fastsett til kr 13.100,- per barn.

I barnehagane i Meland kommune går det per 30.09.2016, 596 barn, og av desse går 36 barn i den kommunale barnehagen. For 2017 er talet på barn i barnehagane estimert å vere totalt 610, ei auke på 14 barn frå dagens nivå. Dette talet er noko lågare enn skissert i økonomiplanen (614), då det har vore ein reduksjon i antal barn i privat barnehage gjennom 2016 sett opp mot 01.01.2016, jfr. utvikling i barnetal nedanfor:

Folketal per dato:	01.01.13	01.01.14	01.01.15	01.01.16	01.01.17
År	2013	2014	2015	2016	2017
Innbyggjarar 0-2 år	348	374	373	361	365
Innbyggjarar 3-5 år	367	370	375	372	389
Innbyggjarar 0-5 år:	715	744	748	733	754
Auke i året	29	4	-15	21	18
Auke i % i året	4,06 %	0,54 %	-2,01 %	2,86 %	2,39 %
Born i kommunale barneh. 1.1 i året:	71	36	30	33	36
Born i private barneh. 1.1 i året:	458	562	567	565	574
Sum born i barnehage 1.1 i året:	529	598	597	598	610
Endring kommunale i løpet av året:	-35	-6	3	3	-
Endringar private i løpet av året	104	5	-2	9	15
Sum endringar i løpet av året:	69	-1	1	12	15
Auke i %	13,0 %	-0,2 %	0,2 %	2,0 %	2,5 %
Andel barnehageplassar av barn 0-5 år:	74,0 %	80,4 %	79,8 %	81,6 %	80,9 %

Tabellen nedanfor syner utviklinga av barnetal, omrekna til heiltidsplassar, i dei private barnehagane frå 2013 - 2017, samt utvikling av kostnadane innanfor tenesteområdet totalt.

Sum omrekna heildagsplasser i private barnehagar	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rev. budsjett 2016	Budsjett 2017
små barn:	172	234	232	208	199
store barn:	309	316	324	349	365
Sum:	481	550	556	557	564
Auke i året:	69	6	1	7	
Minimumssats tilskot:	93,67 %	96,83 %	98,00 %	100,00 %	100,00 %
Sum tenesteområde Private barnehagar:					
Tilskot barneh. med drift heile året:	40 355	67 813	64 617	74 700	74 900
Nye avdelinger / avvikling i året	6 135	1 434			1 000
Ekstraordinært tilskot:		3 100	5 000		
Sum tilskot:	46 490	72 347	69 617	74 700	75 900
Andre kostn tenesteomr. private barneh.:	4 535	1 551	3 106	2 752	3 126
Støttemidlar barnehage	1 267	1 500	1 490	1 500	1 500
Sum tenesteomr. private barneh:	52 292	75 398	74 213	78 952	80 526
Endring frå året før		23 106	-1 185	4 739	1 574
Endring frå året før i %		44,2 %	-1,6 %	6,4 %	2,1 %

Utfordringar i 2017

Det er ikkje sett av midlar til barn som kjem til utanom hovudopptaket, noko som fører at til at desse må venta til det vert ledige plassar. Meland kommune yter ikkje tilskot til born som dei private barnehagane tek inn utanom det som vert lagt til grunn ved inngangen til budsjettåret (i årsmeldinga i året før budsjettåret). I budsjettframlegget ligg det inne midlar til ein ny avdeling i ein av barnehagane frå hausten 2017 dersom det skulle vere behov for dette.

Frå tenesteområdet si side ser ein at det er behov for å auke satsinga på styrkingsmidlar til barnehagane, og dette er og etterspurd frå dei private barnehagane. Grunna budsjettmessige utfordringar for kommunen, har det for 2017 ikkje vore rom for slik auke. Posten er difor budsjettert på same nivå som i 2016, med kr 1,5 mill.

8.7. Kommunal Barnehagedrift

Tenesteområdet har ansvar for drift av Marihøna barnehage og dei tilsette som arbeider med spesialundervisning i barnehagane.

Budsjettforslaget legg til grunn at vi i løpet av 2016 har auka bemanninga med om lag 2 årsverk. Dette for å kunne ta inn fleire små barn, slik barnehageopptaket våren 2016 viste at det var trong for. Med denne auken kan vi gi eit godt tilbod, sjølv om dei fleste søkjarane var under tre år. Men så mange små barn var det behov for store omleggingar i drifta. Vi har og gjort naudsynt oppgradert barnehagen sine lokalar i 2016, for å kunne ta i mot fleire av dei minste barna. Vi har fått nye garderober, vognskur, oppgradert bad, og gjort justeringar på rominndelinga inne.

Barnetalet i Marihøna barnehage er i 2017 venta å vere 36 barn, med fordelinga 19 små (under 3 år) og 17 store (over 3 år). Barnehagen har fleire flyktningebarn og andre fleirspråklege barn. Vi ventar her og ei vidare auke framover, og reknar med at vi må bruke fleire ressursar på å gi barna tilrettelagde tilbod, gjennom språkstimulering og integreringsarbeid.

Når det gjeld spesialundervisning held drifta i hovudsak fram som i 2016.

9. Skulesektoren

9.1. Elevtalsutvikling og utvikling i talet på klassar i økonomiplanperioden

Basert på tal på elevar i skulen og folkeregisteruttrekk av talet på barn under skulepliktig alder har vi laga fylgjande prognose for tal elevar i dei ulike årsklassane:

Forventa elevutvikling basert på skuleår 16/17						Elevar i klassen pr klasstrinn 16/17:									
						1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Born fødd pr år:	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002	2001
Grasdahl skule	21	19	28	28	36	22	25	29	12	27	16	11			
Sagstad skule	66	66	61	80	51	58	57	67	68	52	47	41			
Meland Ung.skule	79	77	81	100	79	72	74	88	72	71	55	44	46	41	45
Vestbygd skule	25	23	30	22	28	17	32	23	27	32	30	25			
Rossland skule	11	13	13	11	10	18	17	17	17	18	17	18			
Rossl. ungd.skule	28	28	35	25	30	27	41	32	36	42	39	32	41	36	30
TOTAL	107	105	116	125	109	115	131	136	124	129	110	95	87	77	75
Skuleåret 2016/17:	Elevtal 1-7 klasse :			840	Elevtal 8-10 klasse:			239					Elevtal totalt: 1 079		
Sum elevar til private skoler:	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	19			

Ut frå dette oversynet kan vi summere elevtal per skuleår i økonomiplanperioden, sjå tabell nedanfor. Vi får ein vekst framover på mellom 29 og 48 born per år i den kommunale skulen. I tabellen er sum skuleborn i teljinga (inkl. tal på barn i private skular) samanlikna med prognose for folketalsvekst for aldersgruppa 6-15 år. Vi ser at vi har eit mindre avvik mellom forventa auke i barnetal og våre anslag for vekst i elevtal, men ikkje så mykje at det har vesentleg betydning for berekning av talet på klassar og kostnadsutviklinga vidare framover.

Born fødd i år:	01-10	02-11	03-12	04-13	05-14	06-15	Endringar per år:			
	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	17-18	18-19	19-20	20-21
Elevtal - sum per skuleår:										
Grasdøl skule	142	167	179	180	187	179	25	12	1	7
Sagstad skule	390	400	433	442	440	439	10	33	9	-2
Meland Ung.skule	132	131	145	170	198	231	-1	14	25	28
Vestbygd skule	186	189	181	179	175	177	3	-8	-2	-4
Rosslønd skule	122	114	108	103	99	93	-8	-6	-5	-4
Rossl. ungd.skule	107	109	112	113	117	110	2	3	1	4
TOTAL	1 079	1 110	1 158	1 187	1 216	1 229	31	48	29	29
Elevar i private skular:	74	76	78	78	78	78	2	2	-	-
Sum skuleborn pr skuleår:	1 153	1 186	1 236	1 265	1 294	1 307	33	50	29	29
Tal barn 6-15 år i befolkningsprog. pr 1. juli	1 164	1 196	1 239	1 280	1 318	1 358				
Avvik tal på skuleborn og befolkningsprogn.:	-11	-10	-3	-15	-24	-51				

Det som i hovudsak er kostnadsdrivaren for skulebudsjettet er talet på klassar. Grovt kan vi rekne lærarressursar på kr 1,0 mill. per klasse på barnetrinnet og 1,4 mill. per klasse på ungdomstrinnet til drift. I skuleåret 2016/17 er det totalt 63 klassar ved dei 5 skulane. I skuleåret 2020/21 har vi ein prognose som synar at vi treng 71 klassar, ein auke på 8. Gjennomsnittleg elevtal per klasse i skuleåret 2016/17 reknar vi med vert på 17,1, og denne er berekna å halde seg omtrent på dette nivået framover.

Klassar:						Endring frå året før:				Sum Auke
	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	17/18	18/19	19/20	20/21	
Grasdøl skule	11	12	13	13	13	1	1	-	-	2
Sagstad skule	20	21	23	23	24	1	2	-	1	4
Meland US	6	6	6	7	8	-	-	1	1	2
Vestbygd skule	13	13	13	13	13	-	-	-	-	-
Rosslønd skule	13	13	13	13	13	-	-	-	-	-
Sum pr trinn	63	65	68	69	71	2	3	1	2	8
Gj.snitt elever pr klasse:	17,1	17,0	17,0	17,2	17,1					

I tillegg til elevtalsauke, står skulane ovanfor utfordringar kvart år med auka tal på barn som ynskjer bokmål som målform. Dette får konsekvensar for talet på klassar på kvar skule, og behov for klasserom. Vi legg til grunn at vi klarer å løyse utfordringane med omsyn til språkdeling innanfor klassetalet i tabellen over, då det etter kvart vert 2 klassar på kvart trinn per skule unnateke barneskulen på Rosslønd.

Auken i klassetal vert størst på Sagstad der vi reknar med 4 nye klassar fram til 2020/21. På Grasdøl og Vestbygd balanserer elevtalet i kulla som skal begynne på skulen i åra framover slik at det er usikkert kor

mange klassar det er trong for, men vi føreset 2 nye klassar per skule. Auken kan koma tidlegare med større tilflytting enn rekna med. Det er og usikkert kor mange barn som vel å gå på private skular.

9.2. Felles ressursfordelingsmodell for grunnskulen i Meland

Rektorane og rådgjevar for skule har utarbeida ein felles ressursfordelingsmodell for skulane. Føremålet er:

- Bruke felles aksepterte nøkkeltal/kriterium for ressursfordeling
- Bruke modell til å ujamne skilnader mellom skulane
- Bruke modellen til å møte dei nye utfordringane skulane står overfor
- Bruk modellen som grunnlag ved tildeling av ressursar til skulane

Modellen skal sikre stabile og føreseielege rammar over tid. Kostra viser at andel elevar som får spesialundervisning i Meland aukar, og er no på 13%. Tilsvarande er andelen for Kostragruppe 8 på 8,2% og gjennomsnittet for landet (utanom Oslo) er 7,9%. Andelen i Meland har auka med 1,5% frå 2014 medan det er reduksjon både i Kostragruppa og nasjonalt. Ein av fleire drivarar bak ei slik auke er dei økonomiske rammene.

Einskildvedtak om spesialundervisning vert fatta av rektor med grunnlag i faglig vurdering frå PPT, og korleis skulen best kan leggje til rette for undervisning til den einskilde elev. For å snu utviklinga utviklinga i bruk av spesialundervisning er skulane avhengig av dei ikkje tapar økonomisk dersom dei klarar å redusere andel elevar med spesialundervisning. Tilpassa opplæring er ein del av den ordinære undervisninga. Modellen er tenkt å sikre skulane den basis dei treng for å gje tilpassa opplæring.

Det er trong for ressursauke framover til skulane for å kunne gjennomføre og implementere lik standard, i tillegg til at ein løpande vil arbeide med å omfordele ressursar mellom skulane. Samla sett manglar skulane fire lærarstillingar for implementering av ønska ressursnivå. Frå skulane var det framlegg om ei auke på to stillingar frå hausten 2017 og nye to i 2018. Som følgje av dei økonomiske rammevilkåra er det i budsjettet for 2017 ikkje prioritert midlar til iverksetting av modellen ut over intern omfordeling av eksisterande ressursar.

9.3. Grasdal skule

Skulen får auke i elevtalet om lag som venta i økonomiplanen. Det er 142 elevar ved skulen i skuleåret 16/17. Vi reknar med at vi får 36 nye 1. klassingar hausten 2017. Det er 11 7. klassingar som går ut våren 2017, så elevtalet er venta å auke til 167 elevar i skuleåret 17/18. Det er svært stor auke med totalt 25 elevar. Slik utviklinga har vore dei siste åra, er det sannsynleg at vi kan forvente ei deling i målform i den nye 1. klassen, med ei bokmålgruppe og ei nynorskgruppe.

I økonomiplanen er det lagt til grunn ein ny klasse ved Grasdal skule i skuleåret 2017/18, og vi har same føresetnad i budsjettet for 2017. Grunna krav om innsparingar var det i budsjettet for 2017 ikkje rom for å auke med meir enn ein 50% lærarstilling frå hausten 2017. Vi har høg vaksentettleik, men mange lærartimar er bunde opp i delingstimar etter målform. Det er fleire elevar som er tilmeldt PPT som vil få vedtak om timar i løpet av 2016/17. Med dei strame rammene som ligg i budsjettet for 2017, kan det vera utfordrande å møte eventuelt nye tilrådingar. Vi vidarefører tiltak med Tidleg innsats i 1.-4.klassesteg med øyremerka

statleg tilskot. Grasdal skule har auke i elevtal med minoritetsspråklege barn og flyktningar, og må tilpasse og organisere opplæringa etter det.

Sjølv om det er stor auke i elevtal, har vi ikkje rom for å auke i kostnader til læremidlar i 2017. Vi har elevar som har behov for undervisning på alternativ læringsarena, og vidarefører finansiering av dette.

Utbygginga som skjer ved skulen i 2016 og 2017 fører til utfordringar med å organisere undervisning i dei klasseromma vi har til disposisjon. Vi har vanskar med å finne rom til å dele klassane for opplæring etter målform, rom til spesialundervisning mv. Klasseromma i midlertidige modulbygg ser så langt ut til å fungere ganske bra. Uteområdet til elevane er avgrensa, og vi arbeider med å få utforma eit skogsområde vi kan ta i bruk i saman med FAU. Utbygginga er planlagt ferdig 18. august 2017.

I 2017 kan vi også feire 30-årsjubileum for Grasdal skule.

Skysstutgifter er venta å bli høgare enn nivået i 2016, grunna auke i elevtal og kommunalt vedtak om farleg skuleveg. SFO ved Grasdal skule merkar og auken i elevtal med større grupper av 1.klassingar kvart år. Vi kan rekne med at det vert ca. 95 barn påmeldt SFO frå august 2017. Vi budsjetterer difor med ei ny assistentstilling i 50% frå august 2017. Vi arbeider med tiltak for betre balanse mellom eigenbetalinga og driftsutgiftene.

9.4. Meland Ungdomsskule

Det er rekna med at det som no også for skuleåret 2017-18 vert 2 store klassar på kvart klassesteg ved skulen. Skuleåret 2016-17 er det 132 elevar ved ungdomsskulen. Frå 2019-20 reknar vi med at det aukar til tre parallellar frå og med 8. trinn.

Det har over tid vore satsa på høg fagkompetanse blant undervisningspersonalet ved ungdomsskulen. Kompetanse kostar, og det betyr at det er høge lønskostnader ved skulen i forhold til gjennomsnittleg lønsvivå i skulen. Alderssamansettinga i personalet gjer også at vi har eit høgare gjennomsnittleg lønsvivå, og må berekne ressursar til seniortiltak (nedsett undervisningsplikt og ekstra ferieveke). Nye læreplanar i fleire fag samt slitasje på lærebøker gjer det også naudsynt med utskifting av lærebøker. Andre investeringar på større maskinar og utstyr på spesialavdelingar (t.d. sag på sløydsalen) krev også ein del ressursar.

Vi har ei utfordring med å gje særskild norskopplæring til elevar som kjem frå andre land/språkområde. Fleire av desse kjem kanskje midt i skuleåret (arbeidsinnvandring), og alle har krav på å få særskild opplæring i norsk. For dei som kjem som flyktningar, kan vi finansiere slike tiltak via statlege flyktningetilskot, men alle andre slike tiltak må vi ta av den tilgjengelege budsjetttramma. Vi ser også at fleire elevar treng opplæring på alternativ opplæringsarena, noko som kostar relativt mykje.

Vi er også for neste skuleår avhengig av leigeavtale med Nordhordland folkehøgskule og Meland Aktiv for at elevane ved ungdomsskulen kan få den lovfesta undervisninga i kroppsøving (med symjing), og for å ha ein stad å vera når vi skal samla alle elevane på ein gong.

På vaksenopplæringa har vi gått noko ned i årsverksressurs, med om lag 0,3 årsverk. Dette har samanheng med endring i tildeling av timar til elevar. Etter det vi veit per i dag kjem denne ressursen til å halde seg stabil for neste skuleår.

9.5. Rossland skule

Rosslund skule har i skuleåret 2016/2017 229 elevar fordelt på 13 klassar. Elevtalet er relativt stabilt, og kjem til å vera det framover.

Andel elevar med særskilte behov og som dermed søker om spesialundervisning er relativt høgt. Vi ser at når det er trøngt om lærarressursar aukar krava om spesialundervisning, då vi ikkje klarar å stette behova til desse elevane innanfor den ordinært tilpassa undervisninga. Der vi har hatt ressursar til å ivareta behova til elevar med særskilte behov, har vi klart å gi elevane god hjelp utan å definere det som spesial-undervisning. Når dei økonomiske rammene minkar kjem vi lett inn i ein spiral der ressursar vert låst til enkeltvedtak på spesialundervisning.

Tal elevar på SFO har gått litt ned, og borna har ein tendens til å stå med mindre plassar enn tidlegare. Det gjer at inntekta har gått noko ned. Samstundes har vi barn med særskilte behov som må ha vaksendekning ut over minstetalet. Vi har redusert bemanninga i SFO, men økonomisk er det ikkje tilstrekkeleg i høve til inntektsnedgangen.

Det er stort behov for nyinnkjøp og supplering av slitte/utfasa læremidlar og utstyr i spesialrom. Vi har lenge arbeida under eit nedtrekk i budsjett for læremidlar og inventar, og ein del av utstyret er slitt ut, oppbrukt eller gammaldags. Det er også trøng for supplering av elevbord og stolar. Dei stolane og borda vi har no gamle og sletne.

9.6. Sagstad skule

Elevtalet ved Sagstad skule er framleis aukande. I dag er det 390 elevar på skulen. Dette er nokre fleire enn skissert i økonomiplanen. Elevtalet er venta å auke til 400 skuleåret 2017-2018. Talet på nye 1. klassingar hausten 2017 er venta å bli 51. Elevtalet ved skulen vil då auke med 10 elevar. På grunn av språkdeling reknar vi med at vi aukar med ein klasse neste skuleår, og skulen har difor budsjettet med tre 1. klassar neste skuleår. Dette er i tråd med prioriterte tiltak i økonomiplanen.

Tala over er basert på elevar vi i dag veit vil bu i skulekrinsen til skulestart hausten 2017, og tek ikkje omsyn til endringar som følgje av at det både flyttar elevar inn og ut av skulekrinsen i løpet av skuleåret. For å dekkje auke i talet på klassar er det i 2017 budsjettet med ein ny lærar i 100% stilling frå hausten 2017.

For å finansiere denne nye lærarstillinga må skulen spare kr 300 000 i vårhalvåret 2017 som følgje av det ekstra budsjettnedtrekket som vart pålagt i slutten av budsjettprosessen. Dette vil føre til lågare lærartettleik på 1.-4. trinn, noko som igjen kan være med på å generere meir spesialundervisning på sikt.

Ei stor utfordring ved skulen er at eit aukande elevtal vil gje auka kostnader og på andre områder enn løn. Kostnader knytt til undervisningsmateriell aukar og skulen har og læreverk som må å bytast.

SFO på Sagstad skule var blant dei som merka nedtrekket i 2013 mest. Eit auka elevtal kombinert med fleire elevar med særskilde behov har gjort at skulen har hatt vanskar med å drive SFO forsvarleg.

SFO bemanninga fekk difor eit løft i 2015. Skulen forventar omtrent same elevtalet på born i SFO neste år, og kan drive vidare med den bemanninga ein har no. På sikt bør bemanninga noko opp for å kunne gje eit betre tilbod til dei borna i SFO med særskilde behov.

Utbygginga av Sagstad skule er no i gang, og vi ser no fleire av dei utfordringane som blei skissert i budsjettet for 2016. Med ein stram personalkabal er det vanskeleg å setje saman reine trinn. Dette medfører at fleire lærarar må bevege seg fram og tilbake mellom Sagstad skule og modulbygga med den slitasten det medfører. Også i høve til arbeidsmiljøet medfører det utfordringar for både skuleleiing og arbeidstakarar når vi no har personalet splitta opp på fleire «avdelingar»

No når utbygginga er i gang ser vi kor mykje av skuleplassen som blir borte ved utbygginga. Utearealet ved Sagstad skule var allereie for lite før utbygginga. Derfor er det sær viktig at prosessen med utviding at skuleplassen går parallelt med utbygginga og vert avslutta samtidig med at tilbygget står ferdig.

9.7. Vestbygd skule

Vestbygd skule har i skuleåret 2016-17 186 elevar fordelt på 13 klassar. Prognosane seier 28 1. klassingar hausten 2017, medan det går ut 25 elevar våren 2017. Elevtalet ved Vestbygd skule hausten 2017 vil då vere rundt 190. Det er ikkje rekna med auke i talet på klassar på Vestbygd skule frå hausten 2017.

Det er språkdelling på 6 av 7 klassesetrinn, noko som set grenser for i kor stor grad grupper kan slåast saman. Dette betyr at det går ekstra ressursar med til dette. Vi har også etter kvart fått store kull på dei fleste trinna, noko som i seg sjølv er krevjande. Vi har og store og omfattande behov innanfor spesialundervisning, og det kan vere vanskeleg å stipulere dette nøyaktig i og med at fleire elevar framleis er til utgreiing/vurdering. Med dei strame rammene som ligg i budsjettet for 2017, kan det vera utfordrande å møte eventuelt nye tilrådingar.

Vi har eit stort etterslep på ein del innkjøp av ulike læremiddel. Dette ser vi også i samband med realfagsatsinga i kommunen der me manglar ein god del relevant utstyr. Vi vidarefører styrkingstiltaka etablert i 2016 for 1.-4. klasse som er direkte finansiert med statlege øyremerka tilskot. Vi har gode erfaringar med desse tiltaka i 2016.

På grunn av utbetringar i bassenget på Rosslund skule, må vi skyve symjeopplæring frå hausten 2016 over på 2017. Dette vil føre til auka transportkostnader for oss innanfor elles tronge rammer. I og med at vi får inn eit ganske stort 1. klassekull hausten 2017, reknar vi med noko auke på SFO hausten 2017.

Vi har vanskar med å halde tildelt ramme for 2017. Dette har sin bakgrunn i underbudsjettering og auka behov gjennom 2016. Vi har hatt stor auke i behov for tilrettelegging og spesialundervisning. I tillegg kjem

heilårsverknader for nokre nye/utvida stillingar i 2016, styrking av oppfølging flyktningar, sentralt gitte styrkingstiltak 1.-4.trinn.

Vestbygd skule har elles 20-årsjubileum i 2017 og legg opp til ei feiring av dette.

10. Helse, NAV, Barnevern, Sjukeheimen og Heimetenesta

10.1. Helse

Budsjettet for helseavdelinga dekker utgifter til legeteneste, ergo-/fysioterapiteneste, avdeling for psykisk helse og rus, helsestasjon og skulehelseteneste. Delar av utgiftene dekker tenester som vert gjevne innan andre tenesteområde, t.d. lege og fysioterapi på sjukeheim, skulehelseteneste, og ergoterapitenester til brukarar med tverrfaglege tenester. Største enkeltpost i budsjettet er til Nordhordland interkommunale legevakt med døgnseger, om lag kr 5 mill. Frå 01.01.17 er kommunane pålagde døgntilbod innan psykisk helse. Det er iverksett eit interkommunalt utgreiingsarbeid knytt til dette kravet. Per oktober er det uklart korleis denne tenesta skal organiserast og finansierast. Andre store budsjettpostar er tilskot til private legar og fysioterapeutar i samsvar med sentralt avtaleverk.

Det er i 2017 ikkje økonomisk grunnlag for å vidareføre tenestenivået i 2016. Generelt vil tenestene derfor måtte reduserast innan områda helsestasjon, psykisk helse og offentleg legearbeid. Andre utgiftsområde er i stor grad låste i eksterne finansieringsordningar, med øyremerka tilskot, aktivitetsbasert finansiering, interkommunale avtalar eller sentralt avtaleverk, og det er difor vanskeleg å redusere aktivitet utan samstundes å miste inntekter.

I siste runde av budsjettarbeidet er det omdisponert frigjorte ressursar i andre tenesteområde til helseområdet, slik at vi kan tilsetje kommunepsykolog. Ei slik stilling vil vere delvis finansiert gjennom tilskot på kr 300.000, medan resterande årleg netto totalkostnad på om lag kr 800.000 er lagt inn i budsjettframlegget. Dermed klarer ein å prioritere dette tiltaket utan å måtte foreta stillingsreduksjon innan andre tenester for barn/unge eller psykisk helse.

I 2016 var det i økonomiplanen ikkje lagt opp til reell driftsauke i helseavdelinga. I statsbudsjettet for 2016 var det imidlertid lagt inn ekstra midlar og statlege tilskotsordningar til styrking av helsestasjon og skulehelseteneste. Vidare er det søkt på ulike statlege tilskotsordningar gjennom 2016 som har medført styrking innan psykisk helse og rusvern for vaksne, samt innan kompetanseutvikling for allmennlegar i spesialisering. Kommunen har i 2017 budsjettert med vidareføring av tilskot for fleire av tiltaka, sjølv om det ikkje er endeleg avklart at vi får vidareført alle slike tilskotsmidlar. Dersom tilskotsordningane vert redusert eller fell vekk må tiltak avviklast.

Innan fysioterapitenesta er det hausten 2016 sett i gang eit omstillingsarbeid for å skilje klarare mellom kommunal og privat drift. Dette arbeidet held fram i 2017, og har som mål å auke kapasiteten i tenesta. Det er utfordringar knytt til lokalitetar, då fysioterapitenesta no er delt mellom to lokalitetar. I kommuneplanen er det vedteke styrking av kliniske fysioterapitenester, dette vert gjort med eit halvt driftstilskot hausten 2016, med heilårsverknad frå 2017. I tillegg er det i 2016 oppretta eit mellombels årsverk for fysioterapeut knytt til utdanningssektoren, som er fullfinansiert gjennom eksternt tilskot i 2017.

Kapasiteten i fastlegeordninga er for dårleg. Listene er ofte fulle, og det er sjeldan høve til å byte mellom legane i kommunen. Avgrensning i areal gjer at det er utfordrande å auke kapasiteten, og det er ikkje sett av midlar til tiltak i 2017. Administrasjonen arbeider likevel med mulige løysingar, og vil våren 2017 leggje fram ein plan for legetenesta. Det offentlege allmenmedisinske arbeidet er knytt til helsestasjon, skulehelseteneste og tilsyn ved sjukeheim.

Som ein del av innsparingsbehovet er det i 2017 lagt opp til noko reduksjon i desse legetenestene. Tiltak innan rus/psykisk helse (burettleing) vert vidareført. Hausten 2016 er tenesta auka med ei engasjementstilling fullfinansiert med tilskotsmidlar frå Fylkesmannen. Det er forventa at dette statlege tilskotet vert vidareført i 2017.

Samhandlingsreforma har skapt utfordringar for fleire ledd i det kommunale tenesteapparatet. Fastlegane har meir arbeid per listepasient. Pasientar kjem tidlegare og sjukare ut frå sjukehus. Ei særskild utvikling gjennom 2016 er tidlegare utreise etter fødsel, der kommunen må stille opp med jordmor og helsesøster på heimebesøk. Denne utviklinga vil venteleg halde fram i 2017. For å sikre forsvarleg oppfølging av nyfødde vil jordmortilbodet til gravide kvinner verte redusert.

Samla sett vil tenestetilbodet innan helseområdet verte noko redusert i 2017, med unntak av fysioterapiområdet. Det er lagt opp til aktiv bruk av vakansar der det er mogeleg for å klare innsparingane som er gjort i budsjettframlegget. Det er ikkje sett av midlar eller personellressurs til å delta i planlegging av felles helseteneste i ny kommune, eller vidareutvikling av interkommunale tiltak.

10.2. NAV / Sosiale tenester

Tenesteområdet si budsjetttramme for 2017 er på kr 12,3 mill. mot 11,95 mill. i 2016, som er ein auke på 3,3%. Auken for 2017 skuldast auke i overføringar til Gløde (tidlegare Meland Arbeidssenter). Dei største budsjettpostane er tilskotet til Gløde med vel kr 4,6 mill. og økonomisk sosialhjelp med kr 4,4 mill. Gløde har omarbeidd tilbodet noko for dei arbeidstakarane som har full kommunal finansiering gjennom ein kommunal VTA-plass (varig tilrettelagt arbeid). Ein har vurdert at ein del av desse arbeidstakarane har trong for ein alternativ arbeidsarena frå ein til fleire dagar i veka.

Det er lagt inn ein liten auke i sosialhjelp med 1,2%. Auken er mindre enn budsjettert prisvekst slik at det også for neste år er lagt inn ei reell innsparing på sosialhjelp – noko som og samsvarer med prognosar for 2016. Sosialhjelp knytt til flyktningar ligg på eige budsjett og vert dekkja av flyktningemidlane kommunen mottek. Vi har hatt ein auke i talet på søkjarar til sosialhjelp med vel 10% frå oktober 2015 til oktober 2016. Dette er urovekkjande. Det er eit mål at brukarar ikkje skal vera passive mottakarar av ytingar. Over tid er det få brukarar som har sosialhjelp som einaste inntektskjelde.

Busetjing av flyktningar

Alle tiltak og tilskot til busetjing av flyktningar er ført på eige ansvarsområde. Meland kommune har fått melding frå Fylkesmannen om at det ikkje er trong for å busetje så mange flyktningar som kommunen har fatta vedtak om. Meland kommune er varsla om at det for 2017 skal busetjast 23 flyktningar og at ingen av

desse er einslege mindreårige flyktningar. Kommunen har tidlegare fatta vedtak om at det skal busett 40 flyktningar, inkludert 16 einslege mindreårige i 2017.

For 2017 er det som tidlegare budsjettert med at tilskotet til flyktningar balanserer med utgiftene. Tiltak for flyktningar som ligg på andre tenesteområde er finansiert frå flyktningeområdet via interne overføringer. I budsjettet for 2017 er det lagt inn at ein på ansvarsområdet for flyktningar finansierer tiltak og dermed utgifter i dei andre tenesteområda i kommunen med kr 3,1 mill. Dette er dobling frå budsjett 2016, der det er lagt inn kr 1,5 mill. til dette. Det er auka overføringer til mellom anna skule, teknisk, barnehage og legetenesta.

Det er ei utfordring å budsjettere utgifter til flyktningeområdet då ein ikkje veit kven som vert busett neste år (alder, helsetilstand, trong for ekstra oppfølging). Dersom det vert trong for fleire tiltak i løpet av året enn det som er forutsett i budsjettarbeidet, har vi midlar frå tidlegare avsetningar til flyktningfond til å styrkje arbeidet innan til dømes skule, barnehage, helse, teknisk m.m. utan at det går utover kommunen si totale budsjettamme. Aktiviteten med busettjings- og integreringsarbeidet er stor og vi har per oktober 2016 50 personer som deltek i introduksjonsprogram. For 2017 er det i budsjettet lagt inn at vi skal ha 65 personar i slike program.

10.3. Barnevern

Barnevernstenesta er oppdelt i generell drift og lønnskostnader til medarbeidarane med kr 3,7 mill., kr 0,2 mill. til barnevernstiltak i heimen (i familien) og kr 7,8 mill. til tiltak utanfor familie. Kommunen får også i 2017 statlege tilskot til 2 heile stillingar i barnevernet. Av midlane til tiltak utanfor familie er det budsjettert med kr 2,8 mill. i godtgjersle til fosterheimar, og kr 4,4 mill. til kjøp av tiltaksplassar. Totalt er budsjettamma for tenesteområdet auka med kr 1,5 mill. eller 15% i forhold til budsjettet for 2016. Vi ligg førebels ann til eit meirforbruk i 2016 på kr 0,5 mill., slik at reell auke er kr 1,0 mill.

Budsjettframlegget for tenesteområdet ligg om lag kr 1,3 mill. over den internt tildelte budsjettamma. Årsaka til det er kjøp av nye tiltaksplasser / auke i tal på barn i tiltak utanfor heimen. Den kommunale eigendelen ved plassering har og auka. I framlegget er det ikkje tatt høgde for eventuelle nye barnevernsplasseringar, det er bare med tiltak i kjende saker. Tenesta er lågt bemanna. Vi får såleis ikkje arbeidd godt nok med førebyggjande tiltak. Resultatet kan då verte at vi kjem for seint inn. Det er eit press mot tenesta og forventningane er ofte større enn det vi klarer å innfri.

10.4. Meland sjukeheim

I budsjettframlegget for Meland Sjukeheim for 2017 er det ein nedgong i netto totalramme frå 2016 med kr 140.000,- eller 0,3%. Med ein prisvekst på 2,5% vert den reelle nedgangen i netto rammer for tenesteområdet på i underkant av 3%, noko som vil gje ein lagt strammare budsjettsituasjon i 2017 enn i år. Noko av reduksjonen er gjort ved å oppjustera inntekta frå eigenbetaling for lagtidsopphald, korttidsopphald og inntekt ved sal av matvarer – middag til dagsenter og heimebuande pasientar, slik at løpande drift ikkje

vert redusert i same grad som reduksjon i rammene skulle tilseie. Det er likevel kutta i diverse tiltak som til dømes ferievikarar og i drift av dagsenteret.

Meland Sjukeheim har i dag i drift:

12 pasientrom ved demensavdelinga i Lerketunet,
18 pasientrom på langtidsavdelinga, Nordgardstunet og
9 pasientrom ved korttid- og rehabiliteringa, Solkroken.
Det gjev totalt drift av 39 pasientrom.

Konsekvens av budsjettet for 2017:

- Ingen auke i kapasitet nye pasientrom ved langtidsavdelinga – pt. ledig 4 rom. Desse vert mellombels brukt til kontor i dag. Vidare er to rom ved korttidsavdelinga reservert til bruk for pårørande når pasientar er i siste livsfase.
- Redusert tilbod dagsenter heimebuande eldre. Dagsenteret kunne i 2016 ha full drift i ferien ved å leige inn ferievikarar. Slik budsjettframlegget er for 2017 er dette ikkje mogeleg. Dagsenteret vert difor stengt i 5 ferieveker, 4 veker vert stengt sommaren 2017 og ei veke i samband med ulike høgtider. Dette gjev ei innsparing på kr 110 000,-.
- Ikkje tilbod om arbeidspraksis for ungdom. Ferievikarbudsjettet er kutta med kr 50.000,- fordelt på ulike avdelingar. Strammare ferievikarbudsjett gjer at ein ikkje får høve til å vidareføra tiltaket «Ung sommarjobb» med ungdommar frå 10. klasse i 3 veker av ferien i 2017 slik ein gjorde sommaren 2016.
- Ingen auke i budsjettet til kurs- og kompetanseheving. Totalt har sjukeheimen kr 1.670,- per tilsett i midlar til dette, og det er vanskeleg å få gjennomført naudsynt kompetanseheving og vidareutvikling av tenestetilbodet med så lite midlar til disposisjon.

Desse tiltaka er ikkje prioritert i 2017:

- Fysioterapi - ikkje auke av kapasitet til fysioterapi ved institusjonen med nye 0,5 årsverk slik at ein får betre effekt av opphald ved korttids- / rehabiliteringsavdelinga.
- Dagaktivitetstilbod heimebuande demente. Meland kommune har trong for å styrkje dagaktivitetstilbodet særskilt for personar med begynnande demenssjukdom (tidleg fase). Frå 2020 vert dette eit lovkrav og ein må då ha midlar til drift og lokale. Kommunen kan søkje eksterne midlar, men desse dekker i utgangspunktet berre omlag 1/3 av kostnadane.

10.5. Heimetenesta

Det er utfordrande for Heimetenesta å utforme sikre prognosar for drift då ein til ei kvar tid må handtere individuelle omsorgsbehov frå både noverande og nye innbyggjarar, samt nye akutte behov som kjem opp i løpet av budsjettåret.

Det er for 2017 lagt opp til ein nominell auke på ca. kr 0,6 mill. eller 1,0%. Justert for løns- og prisstigning har vi likevel ein reell nedgang i budsjettamma for heimetenesta på om lag 1,5%, nok som vil føre til reduksjon i tenestetilbodet til eldre og alvorleg sjuke heimebuande. Etter innføring av samhandlingsreforma er sjukehusopphalda kortare og pasientane er dårlegare og meir ressurskrevjande ved utreise enn tidlegare. Sjukeheimen har ikkje kapasitet til å gje plass til alle aktuelle søkjarar som ville hatt god nytte av eit sjukeheimsopphald. Dette har i ein del tilfelle ført til at pasientar har blitt liggjande lenger enn nødvendig på

sjukehus med dei betydelege økonomiske konsekvensar det har for kommunen. Pasientar som bur i eigen heim må få forsvarleg hjelp der. Dette stiller store krav til kunnskap og tilgjengeleg fagpersonale på dei ulike vaktene i heimetenesta. Behovet for ekstra personale har vore stort, og har resultert i mykje overtid for det faste personalet.

I Stortingsmelding 29, «Morgondagens omsorg», vert kommunane oppmoda til å utvikle tenester som støtter opp under førebygging, tidleg innsats og rehabilitering. Meland kommune har frå våren 2015 tatt del i nasjonal satsing/nettverk innan «kvardagsrehabilitering». Arbeidsforma er krevjande ved oppstart og etablering, men gjev dokumenterte gevinstar som t.d. reduserte vedtakstimar, meir sjølvstendige pasientar og betre helse på lang sikt. Grunna manglande ressursar fekk ein ikkje starta opp med pasientar før i september 2016. Etter søknad til Fylkesmannen vart det innvilga prosjektmidlar med kr 300.000,- til formålet, og det kunne då setjast av noko ressursar til å arbeide konkret med aktuelle pasientar.

For å kunne vise til resultat må ein ha personar som kan setje av tid til dette arbeidet. Først frå 2018 er det i økonomiplan (2017-2020) lagt inn 2 nye stillingar til dette tiltaket. I fylgje statlege føringar skal omsorgsteknologi vere ein integrert del av heimetenesta innan 2020. Med dei økonomiske rammene for 2017 er det ikkje midlar til innkjøp av teknisk utstyr til aktuelle brukarar for å kunne begynne arbeidet med å utvikle eit tenestetilbod innan kvardagsrehabilitering.

Heimetenesta nyttar for tida om lag 60 % av samla budsjetttramme til tenesteyting til barn og unge vaksne med særskilte behov/funksjonsnedsetting. Dette er ei målgruppe med spesielle helseutfordringar og krav til forsvarleg helsehjelp både på kort og lengre sikt. Når det gjeld kjende brukarar, er det for tida 8 personar som har trong for sær s ressurskrevjande tenester med refusjonsrett frå staten. Pårørande til barn og unge med ulike funksjonsnedsettingar har i mange tilfelle ein krevjande omsorgssituasjon der det er viktig med til dømes avlastingstiltak. Det er ein føremon at kommunen kan etablere tenlege tiltak tidleg i livsløpet for om mogeleg å motverke meir kostnadskrevjande tiltak seinare.

Når det gjeld avlastning, støttekontakt, brukarstyrt personleg assistent og omsorgsløn, er det ikkje sett av tilstrekkeleg midlar i budsjettet for 2017 til å gi teneste til alle som har fått innvilga vedtak om tenester, og det er heller ikkje tatt høgde for at det kan kome søknadar som fører til trong for auke i tenestetilbodet hjå kjende brukarar eller nye søkjarar i 2017. Kommunen har ei stor utfordring når det gjeld rekruttering av avlastarar og støttekontaktar. Grunna mangel på kommunal avlastning har det vore naudsynt med kjøp av tenester frå private aktørar i 2016 som er eit dyrare alternativ.

Det er naudsynt med ei stilling til innan forvaltning med hovudarbeidsoppgåve sakshandsaming i samband med vedtak. Ressursar til ei slik stilling er ikkje prioritert i budsjettframlegget for 2017.

11. Kultur

Kulturtenesta er delt opp i 8 ansvarsområde:

500 – Kulturadministrasjon	504 – Kulturuttrykk og –aktivitetar
501 – Kulturminnevern	505 – Frivilligsentralen
502 – Idrett og friluftsliv	506 – Kulturskulen
503 – Born og unge	510 – Biblioteket

Kulturadministrasjonen driv med kulturfagleg rådgjeving og sakshandsaming, prosjektleiing, generelt kulturarbeid, tilskot og leiing av tenesta. 2016-budsjettet innebar ei styrking av tilbodet til barn og unge, og stillingsressursane på dette ansvaret vart auka frå 1,4 til 1,7. Budsjettframlegget inneber ein mindre reduksjon i ressursar til tilrettelegging for friluftsliv. Drift av ungdomsklubb er i utgangspunktet ikkje med i framlegget, men tenesta vil ha tilgjengelege ressursar for å starte opp eit tilbod i løpet av 2017.

Frivilligsentralen er ein svært viktig ressurs for den store frivillige aktiviteten i kommunen, både for lag og organisasjonar og for einskildpersonar. I tillegg til å drive rettleiing, støtte og ta prosjekt- og samarbeidsinitiativ mot laga, driv sentralen fram fleire tiltak. Døme frå dei siste åra er flyktningefadderordninga og sommaraktivetsveke for barn og unge frå vanskelegstilte familiar. Frivilligsentralen er frå 2017 finansiert som del av rammetilskotet under posten saker med særskilt fordeling med kr 365.000,-. Resten av utgiftene i budsjettframlegget, totalt kr 816.000,- vert då finansiert av kommunen sjølv med om lag kr 450.000,-.

Kulturskulen driv eit breitt tilbod for over 300 barn og unge, innanfor grunnopplæring, musikk, dans, drama og kunst. Tilbodet har som mål å vere på eit høgt pedagogisk og kunstnerisk nivå, og har eit høgt utdanna kollegium. Skulen har drive fagplansamarbeid med mellom anna Bergen og Askøy kommunar i eit pilotprosjekt, som no skal implementerast. I tillegg til nemnde kommunar vert det og drive eit breitt fagleg samarbeid med Fjell, Sund, Øygarden, Os og Samnanger, samt nabokommunane i Nordhordland.

Drifta er delfinansiert gjennom brukarbetaling. Satsane for dette i Meland kommune er noko over gjennomsnittet for landet. I framlegget er det budsjettert med auke i eigenbetalingane. Bakgrunnen for dette er at skulen har auka elevtalet ved eit fokus på gruppeundervisning dans, samt justering av alle satsar på om lag 3%. Eigenbetalinga frå korpsa er på 27%, noko som er svært lågt samanlikna med andre plassar, og har ikkje vore justert på fleire år. Denne er for 2017 ikkje tenkt justert anna enn med prisvekst.

Det har vore ei prioritering frå kulturtenesta å kunne jamstille dirigentressursane til Rosslund og Sagstad skulekorps (har i dag 30% og 15% stilling). Det er i budsjettframlegget ikkje rom for styrking til dette føremålet. Framlegget inneber og ein reduksjon av tilgjengelege ressursar til stipend og tilskot. I praksis har kulturskulen i 2016 vore underfinansiert, og i budsjettframlegget for 2017 ligg det inne ei justering til reelt tal på årsverk og tek høgde for tilsvarande auke i lønsutgifter. Totalt er budsjettet til kulturskulen difor auka med kr 0,7 mill. frå 2016 til 2017. Utan denne justeringa måtte ein i 2017 redusert den totale aktiviteten til kulturskulen med 20% frå 2016-nivå.

Biblioteket er i slutfasen av prosjektet «Praksisfellesskap». Saman med Lindås bibliotek har hovudbiblioteka i dei to kommunane vorte einige om å dele opp ansvaret med å spisse satsinga på skjønn- og faglitteratur, høvesvis på Frekhaug og i Knarvik gjennom «Strilabiblioteket». I tillegg er biblioteket pussa opp med nye hyller, møblement, sjølvbetening og meirope. I dag delar kommunane bibliotekssjef.

Drifta av biblioteket er sårbar med eit lite kollegium på 2,5 årsverk, derav 0,2 på Rosslund filial. Løyvingane til biblioteksdrift, inkludert bok- og AV-innkjøp, ligg under det nasjonale gjennomsnittet. Dersom ein skal oppfylle målparagrafen for biblioteka si oppgåve som debatt- og ålmenn møteplass, er ein òg avhengig av ei styrking av tilgjengelege midlar til arrangement. Budsjettframlegget for 2017 legg ikkje opp til ei styrking av biblioteksdrifta, og tek ikkje høgde for prisvekst.

12. Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)

12.1. Oversikt

Tenesteområdet er oppdelt i følgjande ansvarsområde:

- 600 Egedomsforvaltning og utbygging
- 601 Plan, geodata og oppmåling, delvis finansiert med gebyrinntekter
- 602 Byggesak, sjølvkostbasert og finansiert med gebyrinntekter
- 603 Landbruk, natur og miljø
- 610 Drift og vedlikehald kommunale bygg
- 612 Drift og vedlikehald vegar, kaiar, kyrkjegard og plassar
- 613 Reinhold
- 614 Avlaupsreinsing Netto ramme 0, sjølvkostbasert og finansiert med avgifter.
- 615 Vassforsyning Netto ramme 0, sjølvkostbasert og finansiert med avgifter.
- 616 Slamtømming og feiing, interkommunale tenester der alle driftskostnader ligg i samarbeidstiltaket. Meland kommune står for innkrevjing av avgifter. Netto ramme 0, områda er sjølvkostbaserte.

12.2. Utfordringar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk

12.2.1. Utbygging og forvaltning av kommunen sine eigedomar, vegar, vatn- og avlaupsanlegg

Kommunen eig mange bygningar, store tekniske anlegg og mykje areal, til bruk for innbyggjarane. Trygg og stabil vassforsyning, klasserom fri for muggsopp, avlaupsanlegg som ikkje ureiner og vegar som er framkomelege sommar som vinter, er basis for at det i det heile kan bu folk i kommunen. Det gjeld for gamal og ung, for sjuke og friske, for næringsdrivande og privatpersonar. Det er eit fundament som korkje er brukarstyrt eller behovsprøvd.

Dei siste tiåra har kommunen fått fleire vegar å drifte, fleire bygg å vedlikehalde, fleire vatn- og avlaupsanlegg å drifte, meir kompliserte driftsovervåkingssystem, strengare krav til dokumentasjon og rapportering, høgare krav til brøyting og anna vintervedlikehald, og generelt fleire innbyggjarar med høge forventningar til kvaliteten på kommunale bygg, vegar og anlegg.

Kommunen har ei stor og viktig oppgåve i verdiforvaltning slik at den felles bygnings- og anleggskapitalen vert teken vare på. Vidare har kommunen ei stor og viktig oppgåve i verdiskaping når nye bygg og anlegg må byggjast ut. Måten investeringsoppgåvene blir planlagt og gjennomført på, har stor verknad for kommunen sin økonomi både når det gjeld investeringsbudsjettet og etterfølgjande kostnader til drift og vedlikehald.

Budsjettframlegget inneheld ingen aktivitetsauke. Framlegget inneheld noko auke i faste kostnader for drift og vedlikehald av kommunale bygg og vegar, i tråd med den faktiske kostnadsutviklinga. Dette for å unngå underbudsjettering. Dei store skuleutbyggingane og den siste sjukeheimsutbygginga har ført til auke i faste driftskostnader (straum, forsikringar, driftsavtalar, alarmar, overvåkingsavtalar mm) og reinhold. For vegane sin del kjem det auka straumutgifter til veglys etter kvart som trafiksikringstiltak blir gjennomført. På kyrkjegarden er det nødvendig å klargjere nytt gravfelt etter som dagens felt snart er fullt.

12.2.2. Planlegging, byggesaksbehandling, kart og oppmåling, landbruk og miljø

Gode utbyggingsplanar, god byggesaksbehandling og korrekt matrikkelføring er fundamentalt for at folk vil bu i kommunen, og for kommunen sine skatteinntekter. Innbyggjarane kan t.d. ikkje velje berre «litt» byggesaksbehandling. Den private eigedomsretten blir i høgste grad påverka av korleis kommunen

handterer desse tenestene, som er sær s detaljert lov- og forskriftsregulert. Oppgåvene krev at kommunen har høg kompetanse og god nok kapasitet.

Om få år vil det bli nødvendig å auke kapasiteten meir innan arealplanlegging. Arealdelen til kommuneplanen legg til rette for storstilt nærings- og bustadutbygging. Det er også nødvendig å bruke ressursar på fleire større kommunale planer, t.d. står Langeland for tur. Det krevs også ressursar til å møte arbeidet med Nordhordlandspakken, slik at vi får ei planbehandling som sikrar god framdrift hjå Statens vegvesen. Store deler av 2016 har vore prega av vakanse og stans i saksbehandlinga.

Eit godt plansystem og effektiv plansaksbehandling krev noko budsjettmidlar til konsulenthjelp, då kommunen ikkje har full kapasitet til å drive all planlegging i eigen regi. Innan byggjesaksområdet vil det ikkje vere mogeleg å drive til sjølvkost i 2017 heller, på grunn av omleggingane i plan- og bygningslova. Tenesteområdet er likevel nærare sjølvkost enn i 2016 då kommunen har fått meir erfaring med dei nye sakstypane og tilsynsansvaret, slik at det kan utarbeidast gebyrsatsar som treff lovendingane.

12.2.3. Ureining og tilsyn

Kommunen har eit stort ansvar for å følgje opp ureiningssaker og forsøpling, og føre tilsyn med ulike private bygg og anlegg / avlaup. Sakene er tidkrevjande og det er nødvendig å bruke relativt store ressursar for at eventuelle miljøsyndarar skal bli pålagde å rydde opp etter seg eller for at ulovlege tiltak blir fjerna. Dersom kommunen sjølv må rydde opp til slutt, kan kostnadene bli store. Administrasjonen er noko uroleg for at desse sakene ikkje får nok prioritet og kva for inntrykk som då blir skapt.

12.2.4. Administrasjon og leing

Kommunen har framleis ein tradisjonell teknisk etat med ei leiarstilling. Avdelinga har eigen avdelingsleiar for drift og vedlikehald, men elles er det inga vidare oppdeling i formell avdelingsstruktur. Pr i dag er det ikkje budsjettdekning eller stillingsheimlar nok til å etablere ein avdelingsstruktur, noko som er viktig om ein skal kunne utvikle tenestene vidare og ønskjer å ivareta godt leiarskap.

Med auka digitalisering og fleire elektroniske sakssystem er svært mange sekretæroppgåver overført til saksbehandlarane. Saksbehandlarane må i større og større grad flytte fokuset vekk frå faglege og juridiske vurderingar til handtering av datasystem og kontoradministrasjon, som dei er mindre trent i. Nye digitale løysingar er under utvikling, særleg når det gjeld søknadsprosedyrar og kommunikasjon med innbyggjarar. Om papirbunken er blitt sterkt redusert, er det framleis behov for å behandle dokument, om enn elektronisk. Det er eit auka behov for kapasitet og kompetanse til å handtere kommunikasjonen på nye plattformer. Nytt feilmeldingssystem for publikum via internett skal takast i bruk på kommunalteknisk drift innan utgangen av 2016.

12.3. Rapportering

12.3.1. Vedlikehaldsplanen for kommunale bygg

Vedlikehaldsplanen for kommunale bygningar vart første gong godkjent av kommunestyret i møte 19.10.2011, og revidert gjennom nytt vedtak 14.10.2015. Kommunestyret skal ha rapport i samband med budsjettbehandlinga kvar haust. Konkrete prioriteringar skal gjerast av Utval for drift og utvikling første kvartal kvart år. Midlar til vedlikehald finst både i investerings- og i driftsbudsjettet på vedlikehald. Til saman er det sett av om lag kr 1,7 mill. for 2017 til vedlikehald, mot kr 1,5 mill. i 2016.

På Rosland skule er det i 2016 m.a. ei heis-sjakt kledd inn, det er skifta fliser i symjehallen, dusj og garderobar, det er sett inn ein del vindaug og dører og det er starta arbeid med ny ventilasjon i symjehallen. Det siste ved hjelp av statlege tilskotsmidlar til vedlikehald for å halde sysselsetjinga oppe. På dei andre skulane er det berre gjort mindre utbetringar.

I utleigebustadene er det gjort utskiftingar, ombyggingar og oppgraderingar der det har vore naudsynt før nye leigetakarar flytter inn, i hovudsak kjøkken og bad.

Administrasjonen meiner det er viktig å prioritere vidare styrking av vedlikehaldet slik at standarden på kommunale bygg kjem opp på det nivået som vedlikehaldsplanen legg opp til. Arbeidet må planleggjast i god tid og førebuast i tråd med lov om offentlege innkjøp. Utover dei planlagde vedlikehaldstiltak må det utførast vedlikehald og oppgraderingar som oppstår i akutte situasjonar, og reparasjonar etter hærverk eller skader.

12.3.2. Asfaltering kommunale vegar

Det er gjort framlegg om å sette av kr 1,0 mill. i investeringsbudsjettet til oppgradering av kommunale vegar framover. I 2016 var det sett av kr 700.000,- og følgjande vegar er oppgradert og asfaltert:

- Åsebøvegen
- Delstrekning på Ådland
- Delstrekning i Bjørndalen
- Delstrekning Hestnesvegen
- Delstrekning Håtuftvegen
- Veg Litlebergen
- Delstrekning Heiane

12.3.3. Trafikksikringstiltak

Kommunen har ansvaret for trafikksikringstiltak på dei kommunale vegane. Prioritering av tiltak følgjer den vedtekte tiltaksplanen for trafikksikring 2012 – 2016, med rullering i 2016. Nullvisjonen er: «Ingen vert drepne eller varig skadd i trafikkulukker. Innbyggjarane i Meland er, og føler seg, trygge i trafikken.»

Det er gjort framlegg om å sette av kr 300.000,- i investeringsbudsjettet til trafikksikringstiltak kvart år. I 2016 var det sett opp fleire veglysprosjekt, men på grunn av at BKK endra på løysingane og heva pristilbodet er tiltaka utsett til 2017, for at midlane skal strekke til. Utval for drift og utvikling vil få saka lagt fram på nytt for prioritering av tiltak i 2017.

12.3.4. Behandling av private planar og utarbeiding av kommunale planar / utgreiingar

Oversikt over private reguleringsplanar og kommunale planar / utgreiingar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk blir lagt fram for kommunestyret i budsjettprosessen, sist i møte 16.12.2015. I 2016 har kommunen i stor grad vore utan ressursar til planbehandling, og det er derfor kjøpt inn konsulenttenester i 2. halvår for å få fram pågåande planar til sluttbehandling. Ny plankonsulent er på plass frå 2. halvår og dei nye innmeldte plansakene får nå den oppfølginga dei skal ha.

Kommunale planar og utgreiingar

Arbeidet med offentlig områdeplan for Midtmarka har pågått for fullt, i samarbeid med utbyggjar og deira konsulentar. Kommunen sin arealplanleggjar og samfunnsplanleggjar følgjer tett opp denne plansaka.

Offentleg områdeplan for Vikebø er starta opp. Kommunen deltar elles i eit statleg byregionsamarbeid, i lag med Lindås, Fjell og Os kommunar. Kommunen har fått tilskotsmidlar frå Hordaland Fylkeskommune til å få fram ein utomhusplan for Frekhaug senter. Det er starta eit arbeid med vurdering av barnehagetomt sentralt på Frekhaug. Arbeidet med studie av Langelandsskogen er starta opp, på bakgrunn av at kommunen fekk tildelt skjønsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Elles er det søkt om såkalla «Klimasats-midlar» med sikte på å planlegge ein god struktur for gang- og sykkeltrafikk Frekhaug – Knarvik. Budsjettframlegget inneheld ein sum til konsulenthjelp. Arbeidet med rullering av trafikksikringsplanen er starta.

Private planar

I 2016 er det halde oppstartsmøte for 8 reguleringsplanar (mot 4 i 2015)). Det er halde sonderingsmøte for 5 andre plansaker. Ein plan (mindre utviding Mjåtveitmarka) blir sluttbehandla av Utval for drift og utvikling, ei kurant, mindre planendring (Moldekleiv) er behandla administrativt, og 1 plansak (Forretningsområde Holme) blir sendt ut på offentleg ettersyn etter nye revisjonar. 1 plansak er klar for vurdering til offentleg ettersyn (Øvre Holsbergstien) og 2 saker er klare for sluttbehandling (Danielsen skule og Hjertås Industriområde).

13. Gebyr, avgifter og betalingsatsar

Følgjande satsar skal gjelde for 2017:

Sal av kopiar.

Til private/ firma:

Enkle kopiar A-4 svart/kvit	Kr. 4,- pr stk.	Enkle kopiar A-4 farge	Kr. 6,- pr stk.
To-sidig kopiar A-4 svart/kvit	Kr. 6,- pr stk.	To-sidig kopiar A-4 farge	Kr. 8,- pr stk.
Enkle kopiar A-3 svart/kvit	Kr. 6,- pr stk.	Enkle kopiar A-3 farge	Kr. 8,- pr stk.
To-sidig kopiar A-3 svart/kvit	Kr. 8,- pr stk.	To-sidig kopiar A-3 farge	Kr. 12,- pr stk.

Til lag og organisasjonar:

Enkle kopiar A-4 svart/kvit	Kr. 2,- pr stk.	Enkle kopiar A-4 farge	Kr. 3,- pr stk.
To-sidig kopiar A-4 svart/kvit	Kr. 3,- pr stk.	To-sidig kopiar A-4 farge	Kr. 4,- pr stk.
Enkle kopiar A-3 svart/kvit	Kr. 3,- pr stk.	Enkle kopiar A-3 farge	Kr. 4,- pr stk.
To-sidig kopiar A-3 svart/kvit	Kr. 4,- pr stk.	To-sidig kopiar A-3 farge	Kr. 6,- pr stk.

Utskrift printar/ storformatplottar- frå kartsystem eller skanna dokument (kart/ teikning):

Format	Svart/ kvit	Farge
A-4	Kr. 30,- pr stk.	Kr. 60,- pr stk.
A-3	Kr. 60,- pr stk.	Kr. 120,- pr stk.
A-2	Kr. 90,- pr stk.	Kr. 180,- pr stk.
A-1	Kr. 120,- pr stk.	Kr. 240,- pr stk.
A-0	Kr. 150,- pr stk.	Kr. 300,- pr stk.

Berre skanning og sending av dokument pr. e-post Minstepris 200,-
Andre betalingsatsar vert lagt fram som egne saker.

14. Investeringsbudsjett 2017 og kapitalrekneskapen for 2017

Vedtak om investeringsbudsjettet gjeld for året 2017. Når vi i tabell og kommentarar og skriv noko om investeringar i åra framover er det for å vise kva prioriteringar som skal vere retningsgjevande for framtidige investeringar, og som og ligg i framlegget til økonomiplan for 2017 - 2020.

14.1. Ordinære investeringar og andre kapitalutgifter

Tabellen på neste side viser framlegg til investeringar i ordinære driftsmidlar ekskl. Vassverk og avlaup, samt andre kapitalutgifter. Kolonna heilt til høgre viser budsjett-tal for 2017 inkl. mva, som er det kommunestyret skal gjere vedtak på. I første del av tabellen er investeringane sett opp ekskl. mva slik dei og står spesifisert i økonomiplanen. Vi får mva-beløpa refundert, men dette skal formelt inngå som del av finansieringa av investeringane. Totalt legg rådmann opp til investeringar i ordinære driftsmidlar på kr 91,2 mill. budsjettet for 2017. I tillegg kjem andre kapitalutgifter på kr 8,9 mill., hovudsakleg startlån for vidareutlån. Sum framlegg til nye driftsmidlar og andre kapitalutgifter i 2017 vert dermed kr 100,1 mill..

Alle tal i heile 1000 kr Prosjekt	Ekskl. MVA					Inkl. MVA
	2017	2018	2019	2020	Sum 17-20	2017
IKT	2 600	1 300	1 300	1 300	6 500	3 250
IKT diverse direkte invest kommunen	550	550	550	550	2 200	688
IKT-prosjekt via IKTNH	450	450	450	450	1 800	563
Datautstyr skulane	300	300	300	300	1 200	375
Digitalisering av eigedomsarkivet	1 300				1 300	1 625
Teknisk sektor	13 650	8 000	2 700	2 700	27 050	16 313
Kommunale vegar	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000	1 250
Trafikksikring	300	300	300	300	1 200	375
Kommunale bygg	1 200	1 200	1 400	1 400	5 200	1 500
Forskottering underg./trafikksikr. Holme	3 000				3 000	3 000
Kostemaskin	500				500	625
2 stk. saltspreiarar	150				150	188
Ny driftsstasjon	5 500	5 500			11 000	6 875
Ny parkeringsplass hurtigbåtkai	2 000				2 000	2 500
Kyrkje	600	500	18 500	-	19 600	750
Utviding av kyrkjegard	500	500	18 500		19 500	625
Skifte tak kyrkjestova	100					125
Skular	45 550	450	200	200	46 400	56 563
Uteområde skular	200	200	200	200	800	250
Tilbygg Grasdal skule	16 200				16 200	20 250
Tilbygg Sagstad skule	27 100				27 100	33 875
Energimerking bygg	300					375
Uteareal Sagstad skule	1 500				1 500	1 500
Utgreiing/planlegging ungdomsskule	250	250				313
Barnehage	250	2 000	40 000	48 000	90 250	313
Ny kommunal barnehage	250	2 000	40 000	48 000	90 250	313
Institusjon/kommunale bustader	13 800	20 000	20 000	-	53 800	13 975
Balkong omsorgsbustader Meland rådhus	700				700	875
Utleigebustader for vanskelegstilte	10 000	10 000	10 000		30 000	10 000
Omsorgsbustader med heldøgns tilsyn	3 100	10 000	10 000		23 100	3 100
Kultur/næring	-	5 100	-	-	5 100	-
Restaurering av meieribygget		5 100			5 100	-
Sum ordinære driftsmidlar:	76 450	37 350	82 700	52 200	248 700	91 163
						-
Andre kapitalutgifter						
Startlån - vidareutlån	6 000	6 000	6 000	6 000	24 000	6 000
Avdrag på startlån - Husbanken	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000	2 000
Eigenkapitalinskot KLP	900	900	900	900	3 600	900
Sum andre kapitalutgifter:	8 900	8 900	8 900	8 900	35 600	8 900
Sum driftsmidlar og andre kapitalutgifter	85 350	46 250	91 600	61 100	284 300	100 063

IKT

IKTNH-prosjekter

Meland kommune sin del av fellesinvesteringar i IKT Nordhordland. Anslag på løpande investeringar, ikkje definert kva prosjekt som skal gjennomførast i økonomiplanperioden.

IKT Meland

Løpande investeringar i IKT utstyr i kommunen. Fast årleg sum til diverse tiltak.

Digitale tavler og Klasesett bærbar PC-ar skulane

Investering i digitalt undervisningsmaterieil på skulane

Digitalisering av eigedomsarkivet

Krav om fullelektronisk saksbehandling betyr at det gamle eigedomsarkivet, som berre eksisterte i papirutgåve fram til slutten av 1990-talet, må digitaliserast. Arbeidet er omfattande og må utførast av innleigd kompetanse. Digitaliseringa må koordinerast opp mot dagens elektroniske arkivløyising. Resultatet av arbeidet er at alle gamle og nye tiltak knytt til gards- og bruksnr kan hentast opp elektronisk, og på sikt vere tilgjengelege for den enkelte grunneigar i ei «mi side»- løyising.

Teknisk

Kommunale vegar

Kommunedelplanen for kommunale vegar, godkjent av kommunestyret 12.03.2008, tek for seg vedlikehald og opprusting av både kommunale vegar og kaier. For å få ei oppgradering over ein 15-års periode er det i planen tilrådd avsett kr 1,5 mill. per år. For perioden 2017-2020 er det føreslått sett av kr 1,0 mill. per år. Dette er mindre enn det som er tilrådd, men er noko meir enn det som har vore avsett dei seinare åra.

Trafikksikring

Trafikksikringsplan for Meland kommune 2012-2016 er godkjent av kommunestyret i møte 12.09.2012. For økonomiplanperioden er det sett av kr 300 000,- årleg til trafikksikringstiltak. Dette er mindre enn ønskjeleg i høve til trafikksikringsplanen, men tilpassa totalrammene for dei kommunale investeringane. Årleg handlingsplan med konkrete tiltak vert godkjent av Utval for drift og utvikling.

Kommunale bygg

Vedlikehaldsplan for kommunale bygningar godkjent av kommunestyret 14.10.2015 legg premissane for det planlagde vedlikehaldet. Årleg handlingsplan med konkrete tiltak vert godkjent av Utval for drift og utvikling. Det er eit sterkt behov for meir midlar til oppgradering av den kommunale bygningsmassen, og det er lagt opp til ei auke i investeringsramma i økonomiplanperioden.

Forskottering undergang/trafikksikring Holme

Kommunen ønskjer å få fortgang i trafikksikringstiltak på Holme. Løyisinga må vere regulert og godkjent av Statens vegvesen før gjennomføring. Tiltaket inngår i Nordhordlandspakken.

Kostemaskin

Budsjettert kr 0,5 mill. i 2017. Kommunen bruker i dag innleid maskin, men behovet er så stort at det bør kjøpast inn ein eigen maskin. Maskina skal nyttast til reingjering av kommunale vegar. Støv og sand frå trafikkerte områder er både miljømessig og helsemessig til ulempe.

2 stk. saltspreiarar

Saltspreiarar til vintervedlikehald. Budsjettert med ein i 2016 og ein i 2017.

Ny driftsstasjon

Det er nødvendig med ny driftsstasjon dersom meieribygget skal restaurerast. Det er gjort ein grovkalkyle av eit nytt bygg på ca 600 m². Kostnaden er usikker. Lokalisering og nærare detaljering av bygget er ikkje avklart.

Ny parkeringsplass hurtigbåtkai

Parkeringsplassen på Frekhaug kai har dårleg kapasitet. Det er behov for fleire parkeringsplasser i nærleiken, og det vert føreslått å bygge ein ny parkeringsplass ved Varnappen reinseanlegg. Parkeringsplassen skal ha plass til ca. 40 biler.

Kyrkja

Utviding av kyrkjegard

Det er eit krav om at kommunen skal ha ledige gravplassar til 3 % av innbygarane til ei kvar tid. Prognosar viser at ein i rundt år 2017 ikkje lenger vil tilfredsstille dette kravet. Det er ønskjeleg at det vert bygd 600 nye gravplassar innan 2020. Detaljregulering av nytt areal som er avsett i kommuneplanen startar opp i 2016. Totalkostnad på kr 19,5 mill. er ein førebels budsjettsum.

Skifte tak kyrkjestova

Taket er gammalt og undertaket må skiftast grunna lekkasjar. Ein reknar med eksisterande skiferstein kan gjenbrukast.

Ny kyrkje på Frekhaug

Kjøp av tomt som kyrkjebygget er plassert på ligg i budsjettet for 2016. Dersom ein ikkje får gjennomført kjøpet i 2016, legg ein opp til kunne overføre midlane frå 2016 til 2017 i eige budsjettjusteringsvedtak. Det er ikkje sett av midlar i budsjettet for 2017 eller i økonomiplanperioden til nytt kyrkjebygg, eventuelt som eit kombinasjonsbygg med kultur.

Skular og barnehage

Uteområde skuler

Investeringar i uteområde for elevar og parkeringsplassar på skulane. Kva tiltak som skal gjennomførast det einskilde år vert spesifisert det årlege budsjettet.

Tilbygg Grasdal skule

Vedteke forprosjekt inneber ei utbygging på ca. 1050 m². I tillegg kjem areal til ventilasjonsrom og ombygging i eksisterande skulebygg. Det skal byggjast ut fleire nye klasse- og grupperom, spesialrom samt meir areal for personale. I tillegg vil parkeringsplass for skulen bli utvida med nytt areal. Tilbygget skal stå klart til skulestart hausten 2017. I mellomtida vil det bli nytta modulbygg for å sikre nok areal.

Tilbygg Sagstad skule

Vedteke forprosjekt inneber ei utbygging på ca 1700 m². I tillegg kjem loftsareal til lager og ventilasjonsrom og ombygging i eksisterande skulebygg. Det skal bli bygd ut fleire nye klasse- og grupperom, nytt musikkrom, allrom og areal for personale. Tilbygget er noko seinka grunna lang anbudsprosess med klagebehandling. Tilbygget vil stå klart til utgangen av 2017. I mellomtida vil det bli nytta modulbygg for å sikre nok areal.

Energimerking bygg

Alle bygg over 1000 m² skal energimerkast jf. energimerkeforskrifta. I Meland er dette 7 bygg. Energimerking er ei kartlegging av oppvarming, ventilasjon og andre faktorar som påverker energibruket. Kartlegginga vil peike på tiltak for å minske energibruk og dermed driftskostnader.

Rosland skule ventilasjon

Etablering av ventilasjonsanlegg på den eldste delen av skulen. Er berre naturleg ventilasjon i dag. Ikkje prioritert i økonomiplanperioden. I samband med energimerking vil det bli gjort ei nærare vurdering av ventilasjonsanlegget.

Tilbygg Meland ungdomsskule

Det vil etter kvart vere behov for å auke kapasiteten på skulen med ein ekstra klasse. Ikkje prioritert i økonomiplanperioden, men kan verte framskunda dersom elevtalsauken vert større enn rekna med. Må sjåast i samanheng med utgreiing/planlegging av ny ungdomsskule på Frekhaug.

Uteareal Sagstad skule

Kjøp og opparbeiding av uteareal for Sagstad skule. Skulen har i dag for lite uteopphaldsareal for elevane. Dette arealet vil bli enda mindre når skulen vert bygd ut samtidig som elevtalet aukar ytterlegare. Forebels er det lagt inn ei grov kostnadskalkyle.

Utgreiing/planlegging ungdomsskule

Vurdering av noverande skulekapasitet og framtidig lokalisering for å møte folkeveksten.

Ny kommunal barnehage

Prognoser viser at det etterkvart vil bli for lite kapasitet på barnehageplassar i kommunen. Ei moglegheitsstudie for barnehage er no i slutfasen og studien tyder på at opphavelag kostnadsestimat er for lite. Kommunen skal også få gjennomført ei eigen moglegheitsstudie for Langelandsskogen. Ettersom Langelandsskogen er eit av lokaliseringalternativa til ny barnehage vil konklusjonen av moglegheitsstudia for barnehage bli koordinert med moglegheitsstudia for Langelandsskogen, tidleg vår 2017.

Helse, sosial og omsorg

Balkong omsorgsbustader Meland rådhus

Leigetakarar har i dag ikkje eige uteopphaldsareal, noko som er svært ynskjeleg å få til. Det er gjennomført eit forprosjekt og vi ønskjer å foreta bygging av balkongen i 2017.

Utleigebustader for vanskelegstilte

Ny temaplan for Helse, sosial og omsorg 2015-2018 samt eigen Bustadmelding er under arbeid.

I høve busetting av flyktningar har Kommunestyret sak 49/2015 fatta vedtak om mottak av 23 flyktningar per år i perioden 2015-2017. Det er såleis trong for fleire kommunale utleigebustader. Det er lagt inn kjøp av 5 bustader per år i planperioden. Det er eige investeringstilskot via Husbanken på inntil 40 % til det enkelte prosjekt.

Omsorgsbustader med heildøgns helse- og sosialteneste

I 2017 er det behov for å kjøpe ein ny einebustad grunna behov for rehabilitering av eldre kommunal bustad som vert nytta med forsterka tenesteyting.

Ferdigstilling av temaplanen for Helse, sosial og omsorg kan medføre endringar i prioriteringar, men inntil vidare er det vurdert behov for 12 stk. nye bu-einingar med fellesareal sentralt i Meland. Desse kan vere samla i 1 bygg eller delast på 2 separate bygg (til dømes 2 x 6 einingar). Målgruppa er personar som treng tenester på ulike tider av døgnet. Omfang av tenester vil kunne variere gjennom døgnet og over tid. Dette kan inkludere personar med langvarig somatisk sjukdom, ulik type funksjonsnedsetting, rusvanskar og/eller psykiske lidningar. I tillegg er det lagt inn midlar til kjøp av eit par frittliggjande omsorgsbustader. Det er eige investeringstilskot via Husbanken der Husbanken dekker inntil 45 % av kostnadene til oppføring.

Kultur/næring

Restaurering av meieribygget

Restaurering og ombygging av Holsnøy meieri til kultur- og næringsverksemd. Bygget fungerer i dag som lager og verkstad for den kommunale driftsavdelinga, og desse funksjonane må flyttast til nye lokale.

Andre bygg

Idrettshall/Symjehall

Det er eit stort behov for ny idrettshall i kommunen. Både Sagstad skule og Meland ungdomsskule manglar gymsal. Dei lokala som i dag vert leigd (Meland Aktiv, Nordhordland folkehøgskule) byrjar å få lite kapasitet. Ved bygging av ein ny idrettshall er det ønskjeleg å bygge eit anlegg som kan nyttast i fleire samanhengar og også kunne fungere som eit regionalt anlegg. Her vil det også kunne vere ønskjeleg å etablere eit nytt symjebasseng. I dag er det berre Rossland skule som har symjebasseng. Bassenget er av eldre dato, og vil ha ei avgrensa levetid. Tiltaket er førebels ikkje utgreidd ettersom det ikkje er funne rom for det i økonomiplanperioden, og det er såleis ikkje lagt inn budsjett-tal i økonomiplanperioden.

Helsehus

Det er behov for samlokalisering og større lokale til fastlege, helsestasjon, fysioterapi og psykiske helsetenester på Frekhaug. Grunna usikkerheit knytt til framtidig bruk av Meland rådhus i ein eventuell ny kommunestruktur, er det ikkje lagt inn noko midlar til helsehus i denne økonomiplanperioden.

14.2. Investeringar i Vatn og avlaup

Framlegg til investeringar er basert på vedteken tiltaksplan for Vassforsyning, avlaup og vassmiljø. Investeringane er planlagt som ein heilskap for å oppfylle målsetjingane i denne planen, og endringar i investeringsnivå krev at tiltaksplanen må revurderast.

Investeringar i Vassverk og avlaup (sjølvkostfin.)	2017	2018	2019	2020	Sum 17-20
Vatn	45 600	46 025	11 600	-	103 225
Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal	35 000	24 725			59 725
Vassleidning Tveit-Holme		3 600			3 600
Vassleidning Landsvik-Rosslund	10 600	11 100	5 000		26 700
Vassleidning Litlebergen-Frekhaug		6 600	6 600		13 200
Avlaup	7 300	11 000	12 500	-	30 800
Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit	6 000	5 000			11 000
Sanering Rosslundspollen	1 000	6 000	12 500		19 500
Spylevogn	300				300
Sum VA-investeringar:	52 900	57 025	24 100	-	134 025

Vatn

Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal

For å sikre Meland kommune nok vatn er det nødvendig å byggje eit nytt hovudvassverk. Det er no gjennomført eit forprosjekt for nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal som har vist at opphavelag planlagt reinseprosess ikkje er mogleg. Det har også vist seg at ny inntaksleidning må vere lengre og det inneberer større dimensjon. Dette fører også til behov for ein større råvasspumpetasjon enn først antatt. Samla gjev desse endringane behov for ei større kostnadsramme for prosjektet. Det opphavelage kostnadsoverslaget vart gjort som ein del av revisjon av tiltaksplan for vass, avlaup og vassmiljø 2015-2019, og dermed med langt mindre kunnskap om prosjektet enn det som vert utarbeidd gjennom forprosjektet som no har vore gjennomført.

For å unngå at det samla gebyrnivået innan VA-sektoren auker på grunn av større kostnader med vassbehandlingsanlegget vil ein tilrå å utsette to prosjekt: Vassleidning Vollo-Brakstad og Sanering Brakstad til seinare. Desse prosjekta hastar ikkje like mykje som vassbehandlingsanlegget, for å sikre innbyggjarane i Meland kommune ei trygg og tilstrekkeleg vassforsyning.

Vassleidning Tveit-Holme

I samband med legging av ny avlaupsleidning frå Tveit til Holmeknappen vert det tilrådd å oppgradere eksisterande leidning frå Tveit til Holme i felles grøft med avlaupsleidning.

Vassleidning Landsvik-Rosslund

For å sikre vassforsyninga til Husebø og Rosslund, og klarlegge for nytt høgdebasseng på Rosslund, vert det tilrådd ein ny leidning frå Landsvik til Rosslund. Dette vil gje eit ringsamband som gjer det mogeleg å forsyne Husebø også frå Rosslund ved eventuell driftsstans for den nye sjøleidningen Riplevika-Landsvik. Vidare vil også Rosslund få betre sikring fordi det vil vere mogeleg å forsyne Rosslund gjennom ny sjøleidning Riplevika-Landsvik. Nytt høgdebasseng Rosslund er teke inn som ein del av prosjektet fordi det vil vere fornuftig å prosjektere og bygge bassenget samtidig med vassleidninga. Eit høgdebasseng vil gje god sikring mot eventuell leidningsbrot på overføringsleidningen frå Meland vassverk. Denne delen av kommunen har ikkje nokon form for utjamning/magasinerings. I tillegg vil eit høgdebasseng her betre trykktilhøva i nettet. Etter legging av sjøleidningen frå Riplevika til Landsvik kan ein få ujamne trykktilhøve som kan utjamnast i eit høgdebasseng.

Vassleidning Vollo-Brakstad

I samband med bygging av ny avlaupsleidning frå Vollo til Brakstad vil ein tilrå ei oppgradering av eksisterande leidning frå Vollo til Brakstad i felles/delvis felles grøft med avlaupsleidning. Prosjektet er flytta til seinare.

Vassleidning Litlebergen – Frekhaug

For å sikre forsyninga til Frekhaug og legge til rette for vidare utbygging både på Frekhaug og Flatøy vil ein tilrå bygging av ein ny vassleidning frå Litlebergen til Frekhaug. Denne leidningen bør sjåast i samanheng med Nordhordlandspakken og planlagt utviding av FV 245.

Vassleidning Litlebergen- Flatøy-Knarvik

Det har lenge vore eit ønske om å betre beredskapen i vassforsyninga gjennom eit interkommunalt samarbeid. I tillegg er det behov for meir kapasitet på vatn for framtidig utbygging i Midtmarka.

Avlaup

Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit

I 2011-2012 vart det bygd felles vassforsynings- og avlaupsleidningar mellom Vollo og Tveit vegkryss, langs Brakstadvassdraget. I tillegg er det etablert leidningsanlegg langs ei strekning forbi barnehagen på Holme. Desse tiltaka er ein del av eit større prosjekt med å avlaupssanere Brakstadvassdraget. Først er ingen tilknytt avlaupsanlegget. For å gjere ferdig saneringstiltaket må det byggjast reinseanlegg og utslepp ved Holmeknappen, og avskjerande leidningsanlegg opp til fv.564 – og vidare opp til vegkrysset på Tveit, der det vert tilkopla eksisterande avlaupsleidning. Dette tiltaket var og med på investeringsplanen i hovudplanen 2010-2014, men vart ikkje utført. Prosjektering av tiltaket er kome i gang og endeleg detaljprosjektering kan endre kalkyla for prosjektet.

Sanering Fløksand

I samband med vassleidning Fløksand-Vikebø er det bygd leidningsanlegg for avlaup langs delar av Fløksandvegen. I dette tiltaket inngår bygging av reinseanlegg (slamavskiljar) og utsleppsleidning. I tillegg vert avlaupsanlegget utvida langs Vestbygdvegen, for å utløyse bustadfeltet på austsida av fylkesvegen. Tiltaket (utanom prosjektering) er flytta til seinare jf. KS-vedtak 82/2016.

Sanering Brakstad

På nordvestsida av Brakstadvatnet er det om lag 30 bustader og noko næring (samla ca 120 pe), der avlaupsvatn drenerer til vassdraget. Avlaupsvatnet vert samla i ei ny pumpestasjon langs vegen, og overført mot Fløksand i vest. Leidningsanlegget må først fram til utbygd anlegg på Fløksand. Saneringstiltaket er ein del av eit større prosjekt med å avlaupssanere Brakstadvassdraget, og var med i handlingsplanen 2010-2014 (med ei anna løysing). Prosjektet er flytta til seinare.

Sanering Roslandspollen

Roslandspollen er ei innelukka og sårbar resipient med dårleg vassutskifting. Oppsamla avlaup ved Ryland-Vikebø vert ført ut av pollen gjennom ei lang pumpeleidning, til utslepp i Herdlefjorden. Men det er mange bustader i Rosland-, Skurtveit- og lo-området som har direkte/indirekte avlaupsutslepp til pollen. Sjølv om det i seinare tid er sett krav til reinsing i minireinseanlegg frå spreidd busetnad i nedslagsfeltet, er det eit langsiktig mål å få sanert Roslandspollen for alle utslepp. Oppsamla avlaupsvatn bør leiast ut i det opne fjordsystemet, Herdlefjorden.

Det er relativt store avstandar og komplisert terreng i nedslagsområdet, og det bør utarbeidast ei samla plan for korleis ein kan sanere eksisterande utslepp til Roslandspollen og overføre avlaupsvatnet til Herdlefjorden. Prosjekt overføring Leirdalen – Eikeland er tatt inn i Sanering Roslandspollen fordi overføringa bør vurderast som ein del av den samla planen for Roslandspollen.

Spylevogn

Den gamle vogna er for svak til at vi effektivt kan spyle kummar og leidningar.

14.3. Sum investeringar og finansiering

I sum budsjetterer vi med kr 153 mill. i investeringar inkl. mva for 2017. I økonomiplanperioden 2017-2020 viser oppdatert investeringsplan investeringar for i alt kr 418 mill. Rådmann gjer framlegg om å finansiere investeringane i 2017 med kr 135,35 mill. i nye lån inkl. kr 6,0 mill. i lån til vidareutlån, kr 1,6 mill. i motteke avdrag på utlån, kr 0,9 mill. som bruk av kapitalfond og kr 14,713 mill. i mva-refusjon.

Alle tal i heile 1000 kr	Ekskl. MVA					Inkl. MVA
	2017	2018	2019	2020	Sum 17-20	2017
Prosjekt						
IKT	2 600	1 300	1 300	1 300	6 500	3 250
Teknisk sektor	13 650	8 000	2 700	2 700	27 050	16 313
Kyrkje	600	500	18 500	-	19 600	750
Skular	45 550	450	200	200	46 400	56 563
Barnehage	250	2 000	40 000	48 000	90 250	313
Institusjon/kommunale bustader	13 800	20 000	20 000	-	53 800	13 975
Kultur/næring	-	5 100	-	-	5 100	-
Sum ordinære driftsmidler:	76 450	37 350	82 700	52 200	248 700	91 163
Sum andre kapitalutgifter:	8 900	8 900	8 900	8 900	35 600	8 900
Sum investeringar ordinære driftsmidler:	85 350	46 250	91 600	61 100	284 300	100 063
Finansiering og kapitalinntekter						
Lån Husbanken for vidareutlån	6 000	6 000	6 000	6 000	24 000	6 000
Mottekne avdrag startlån	1 600	1 600	1 600	1 600	6 400	1 600
Bruk av fond startlån	400	400	400	400	1 600	400
Mva-refusjon	-	-	-	-	-	14 713
Bruk av kapitalfond og disp.fond	900	900	900	900	3 600	900
Lån	76 450	37 350	82 700	52 200	248 700	76 450
Sum finansiering ordinære driftsmidler:	85 350	46 250	91 600	61 100	284 300	100 063
Investeringar i Vassverk og avlaup (sjølvkostfin.)						
Vatn	45 600	46 025	11 600	-	103 225	45 600
Avlaup	7 300	11 000	12 500	-	30 800	7 300
Sum VA-investeringar:	52 900	57 025	24 100	-	134 025	52 900
Lån:	52 900	57 025	24 100	-	134 025	52 900
Sum finansiering VA:	52 900	57 025	24 100	-	134 025	52 900
Sum alle investeringar:	138 250	103 275	115 700	61 100	418 325	152 963
Sum nye lån:						135 350

15. ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK

- «1. Framlegget til budsjett for 2017 vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.
2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet for 2017 i samsvar med de vedlagte økonomiske oversikter slik:
- Sum driftsinntekter kr 547,5 mill.
 - Sum driftsutgifter kr 548,2 mill.
 - Netto driftsresultat minus kr 0,6 mill.
 - Avsetning til disposisjonsfond kr 0,63 mill.
 - Netto driftsramme (utgifter) for alle tenesteområda ihht. budsjettskjema 1B kr 441,6 mill.
3. Heimel for utskriving av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3. I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skrive ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2017. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2017.

Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2017. Eigedomsskatten for 2017 forfell i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.

4. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med dei satsar som vert vedteke i statsbudsjettet for 2017. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11,80 % i 2017.
5. Framlegg til brutto investeringar i 2017 er totalt kr 152,963 mill. Av dette kr 100,063 mill. til ordinære driftsmidlar medan kr 52,9 mill. er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.
- Brutto investeringar i 2017 er finansiert slik:
- | | |
|--------------------------------|-------------------------|
| Nye innlån til investeringar | kr 135,35 mill. |
| Mva-refusjon | kr 14,713 mill. |
| Mottak av avdrag på utlån | kr 1,6 mill. (startlån) |
| Bruk av avsetningar (kap.fond) | kr 1,3 mill |

Av investeringsbeløpet vert kr 6,0 mill. sett av til vidareutlån av startlån og eigenkapitalinnskot i KLP vert budsjetttert med kr 900.000,-.»